

# Tilstandsrapport for barnehage og skule 2018

## Os kommune

Vedtatt i Os kommunestyre 30.10.2018



# Forord

Opplæringslova §13-10 pålegg skuleeigar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftes av skuleeigar dvs. kommunestyret, jf. opplæringsloven § 13-10 andre ledd. Rapport om tilstanden i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigar kan velje ut fleire område som blir vektlagt i tilstandsrapporten. Det føreligg ikkje lovkrav om å utarbeide tilsvarende tilstandsrapport for barnehagane. I Os kommune la vi fram ei samla tilstandsrapport første gang i 2017 og arbeidet med å stadig styrke «den raude tråden» gjennom barnehage og skule har fortsett også siste året. Livsmeistring er tema både i barnehage og skule, språkutvikling og gode overgangar står sentralt på alle oppvekstarena i Os.

Ein felles tilstandsrapport skal hjelpe oss med eit samla blikk i vidareutvikling av barnehage og skule. Tilstandsrapporten er eit godt grunnlag for å gje oppveksteigar eit kunnskapsbasert og bevisst forhold til innhald og kvalitet i barnehage og skule.

Det er stor merksemد på kvalitetsarbeid og forskingsbaserte tilnærmingar i barnehage og skule i Os. I arbeidet med tilstandsrapporten har det og vore viktig å ha med seg at «det som tel ikkje alltid kan teljast». For å gi eit innblikk i kvar dagen i barnehage og skule er det tatt med praksisforteljingar. I arbeidet med tilstandsrapporten inviterte vi alle samarbeidsutvala (SU) i barnehagane og skulane til dialogmøte om innhaldet i tilstandsrapporten. Tilsette, foreldre og politikarar må spele på lag for å gje barn og unge gode oppvekstvilkår. «Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn».


Tilstandsrapporten er eit verktøy for politikarene som oppveksteigarar. I tillegg er det eit viktig reiskap for barnehagane og skulane i det interne utviklingsarbeidet for å sikre heilskap i tenestene – i samarbeid med elevar, foreldre og fagtenester.

Vi takkar for det gode arbeidet og den omfattande innsatsen som blir lagt ned i alle barnehagane og skulane kvar dag – og ønskjer lukke til i barnehage og skuleåret 2018/19.

Os, 17. september 2018

Line Rye  
Kommunalsjef

Per Olav Sørås  
Fagsjef skule og barnehage



# Del I: Barnehage



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Kommunale barnehagar og satsingar	4. Tilsyn	5. Livsmeistring - felles satting barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

# Kapittel I: Innleiing

Det er ikkje lovpålagt å utarbeide tilstandsrapport for barnehage. Vi vel likevel å gjere dette for å sjå heilskapen i barnehage- og skueløpet til det enkelte barn. I tillegg til familie, heim og nettverk så legg barnehagane eit viktig grunnlag for det enkelte barn si utvikling, meistring og tryggleik. Barnehagane har god dialog med fagtenestene og skulane.

Tilstandsrapporten for barnehage legg vekt på å gje eit samla bilet av barnehagedrifta i kommunen. Som barnehagemynde har vi ansvar for å gje eit kvalitativt godt og likeverdig barnehagetilbod til alle barn i Os kommune uavhengig av eigar. Det er andre gang vi leverer tilstandsrapport for barnehage, og form og innhald er stadig i utvikling. I denne omgang legg vi vekt på å vise den rauda tråden, med felles satsingar på livsmeistring, psykososialt miljø og relasjonskompetanse, språkutvikling og overgangar barnehage/skule.

Arbeidet i barnehagane er heimla i Lov om barnehagar og i ny rammeplan. Rammeplanen legg føringar for barnehagen sitt innhald, oppgåver, mål og satsingar. Den legg og føringar for området sine felles satsingar. Oppvekst og kultur arbeider kontinuerleg med å bistå barnehagane i arbeidet som sikrar alle barn muligkeit til å ta del i det almennpedagogiske barnehagetilboden: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Foreldrestemma på barnehageområdet nær oss gjennom direkte henvendingar i enkelsaker, gjennom Udir (Utdanningsdirektoratet) si årlege nasjonale foreldreundersøking, gjennom møter med representantar i SU ved tilsyn i barnehagar og i årlege møter med SU ved gjennomgang av tilsynsrapport om hausten. Foreldrestemma når oss også gjennom styrar i barnehagane.

Foreldre er jamt over veldig godt fornøyd med barnehagetilboden som blir gitt i Os kommune. På skala frå 1 – 5 har vi eit snitt på 4,6 mot nasjonalt gjennomsnitt på 4,5. Samla sett er det grunn til å vere nøgd og resultata blir følt opp i felles treffpunkt med barnehagane. Tal frå barnehagane i Os finn ein på <http://www.barnehagefakta.no/kommune/1243/os>.

I 2017 fekk Varhaug barnehage eit resultat på 4,9 og fekk plass på Udir si liste over dei 203 av 2626 barnehagar i Norge som foredra er mest nøgd med. Dette blei feira med gave frå Os kommune og oppslag i media: <http://www.midtsiden.no/har-dei-mest-nogde-føreldra>


Familien dannar den viktigaste ramma rundt barn sitt liv og utvikling. Å støtte opp om familien er av stor betyding for heile oppvekstområdet. Hausten 2018 vert starten på eit samarbeid mellom barnehagane og helsestasjonen. I dei nasjonale

retningslinene for helsestasjonen har det kome inn eit kapittel om samarbeid med barnehagen. Helsestasjonen skal ha ein samarbeidsavtale med barnehageområdet, men det er opp til kommunen kva den skal innehalde og kor omfattande den skal vere. Satsinga er forankra i regjeringa sin strategi for foreldrestøtte (2018 – 2021): [«Trygge foreldre – trygge barn»](#).

## Barnehagestrukturen i Os kommune 2017

Totalt 17 barnehagar fordelt på 13 eigarar:

- 14 private barnehagar med ordinær barnehagedrift som tilbyr 85% av barnehageplassen i Os kommune
- 1 privat åpen barnehage, gratis tilbod 1 dag pr. veke
- 2 kommunale barnehagar



### Barnehagestrukturen i Os kommune 2018

Totalt 17 barnehagar fordelt på 13 eigarar:


- 14 private barnehagar med ordinær barnehagedrift som tilbyr 85% av barnehageplassane i Os kommune
- I privat open barnehage, gratis tilbod 1 dag pr. veke.
- Hegglandsdalen barnehage har i tillegg til ordinær drift godkjenning for 2 heiltidsplassar som fungerer som open barnehage. Dette tilboden er gratis.
- 2 kommunale barnehagar  
Vi har ein viss overkapasitet på barnehageplassar som sikrar handlingsrom for ein periode. Skorvane FUS barnehage AS flytta i nytt bygg med 3 nye avdelingar, til saman 6 avdelingar pr. 01.08.18. Med denne utvidinga har vi fått erstatta 3 avdelingar som vi mista då ein privat barnehage avvikla drifta våren 2016.

Det vil bli utarbeida ein barnehageplan som synleggjer befolkningsvekst, tal barnehageplassar pr. i dag og behov for framtidige barnehageplassar.

Alle barn med rett til plass er tilbudt barnehageplass i årets hovedopptak. Målet er nådd sidan rett til barnehageplass kom i 2009. Rett til barnehageplass inkluderer barn født i perioden august – november året før. Kommunen pliktar til ei kvar tid å tilby eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar tilpassa barnehagelov og innbyggjarane sine behov.

Ny pedagog- og bemanningsnorm gjeld frå 01.08.2018. Os kommune vil bistå barnehagane i arbeidet med å sikre tilstrekkeleg og kvalifisert bemanning i overgangsåret 2018/2019. Vi har utarbeidd elektronisk søknadsskjema ved søknad om dispensasjon i barnehagen: <https://oskommune.no/skule-og-barnehage/barnehage/for-barnehagane>.

### Fordeling av barnehageplassar




Pr. 15.12.2017 var det 1328 barnehageplassar i bruk i Os kommune. Pr. 15.12.2018 reknar vi med at 1350 barnehageplassar vil vere i bruk.

### Faste treffpunkt på barnehageområdet gjennom året

- Felles oppstart for tilsette i oppvekstområdet i august kvart år
- Forvaltningsmøte for barnehagstyrarane 4 gangar pr. år
- Nettverk for pedagogiske leiarar 2 gangar pr. halvårsperiode
- Nettverk knytt til prosjektarbeid på området
- Oppvekstforum for leiarar på oppvekstområdet 4 gangar pr. år
- Felles strategisamling for leiarar på oppvekstområdet kvar vår
- Sommarfrokost for styrarar, rektorar og Oppvekst og kultur i juni
- Møtepunkt med Fylkesmannen i Hordaland for tilsette i barnehageadministrasjonen på kommunenivå

Godt oppmøte og høg deltaking på treffpunkt initiert av Oppvekst og kultur er ein klar styrke som bidrar til kontinuerlig utvikling på området.



Tal dispensasjonar var i årleg rapportering pr. 15.12.2017 på 0,1 %, registrert under «Andel årsverk styrere og pedagogiske ledere med dispensasjon». Vi reknar med at talet kan bli høgare med utgangspunkt i endringar i pedagog – og bemanningsnorm og elektroniske søknadsskjema er tilgjengelig for barnehagane på Os kommune sine heimesider.

Alle 3-, 4- og 5-åringar som bur i husholdningar med lav inntekt har rett til å få 20 timer gratis oppholdstid i barnehage per vike. Frå 1. august 2018 gjeld gratis kjernetid for husholdningar med ei samla inntekt på under 533 500 kroner per år. Inntektsgrensa var tidlegare sett til 450 000 kroner.



Tal søknadar om redusert foreldrebetaling er stigande.

Både barnehagane og helsestasjonen informerer føresette om tilbodet og det er etablert gode rutine med NAV knytt til søknad om redusert foreldrebetaing. Barnehagefaktura vert redusert av barnehagane og Os kommune refunderer redusert foreldrebetaling til barnehagane: <https://oskommune.no/skule-og-barnehage/barnehage/pris-og-betaling/>



## Å meistra

Med tru på eigne evner kan born og unge læra og visa at dei meistrar.



## Viktige hendingar

Alle barn med rett til plass fekk tilbod om barnehageplass i hovudopptak 2018 som blei avslutta i mai.

**Bemanning:** Det er vedtatt ny pedagognorm, som trer i kraft 1. august 2018. Barnehagen skal ha minst ein pedagogisk leder per sju barn under tre år, og ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Les meir på Lovdata: <https://lovdata.no/>


•

- Bemanning: Stortinget har vedtatt ny bemanningsnorm, som trer i kraft 1. august 2018. Barnehagen skal minst ha ein tilsett per tre barn når barna er under tre år, og ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. Barnehageeigar kan benytte perioden fram til 1. august 2019 til å oppfylle kravet til grunnbemanning:
- Tidleg innsats: Frå og med 1. august 2018 gjeld gratis kjernetid for hushaldningar som har ei samla inntekt som er lågare enn 533 500 kroner per år: <https://www.udir.no/>
- Overgangar: Stortinget har vedtatt en plikt for barnehageeier og skoleeier til å samarbeide om barnas overgang frå barnehage til skole og SFO: <https://lovdata.no/dokument>
- Bemanning: Krav om norskferdigheter for å bli tilsett i barnehage trer i kraft 1. august 2018: <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk-barnehage>
- Tidleg innsats: Barneverntjenesta er avhengig av at andre som er bekymret for barnet melder frå til den kommunale barneverntjenesta. Reglane om opplysningsplikta blei endra 1. juli 2018 slik at det skal være lettere å bruke bestemmelsene på en riktig måte: <https://lovdata.no/dokument/>

• Tidleg innsats og livsmeistring: Fra hausten 2018 av får alle fylker sitt eige mobbeombod. Mobbeombodet skal støtte og rettleie barn, elevar og foreldre slik at desse får ivaretatt sine retter til et godt psykososialt miljø i barnehage og grunnskole. Mobbeombodet skal samarbeide med elev- og lærlingeombodet for at elevar og lærlinger får ivaretatt sine rettigheter til et godt psykososialt miljø i vidaregåande opplæring. Ordninga skal evalueres: <https://www.regjeringen.no/aktuelt/mobbeombud>

•

- Språkstimulering: Barnehagane deltar i den nasjonale strategien «Språkløyper – kompetanseutviklings- pakke som bidrar til å styrke barnehagens daglige arbeid med barnas språklæring gjennom ulike leseaktiviteter» <https://sprakloyper.uis.no/>
- Tidleg innsats: Barnehagane i Os deltar i nasjonal foreldreundersøking (Udir) november 2018. Oversikt og barnehagane med resultat frå foreldreundersøking i barnehagane i Os kommune 2017 finn du her: <http://barnehagefakta.no/kommune/1243/os>
- Sosial kompetanse, tidleg innsats og livsmeistring: «Dei utrulege åra» (DUÅ) blir implementert i barnehagane og det er oppretta oppsamlingskurs for nye tilsette i barnehagane
- Livsmeistring: Prosjekt «Ungdomsskulegutar som leikeressurs» har hatt 120 ungdoms- skulegutar i barnehagane, prosjektet er lagt fram for politikarane og blir vidareført: <https://www.midtsiden.no/dei-populaere-leikekameratane>
- Lærlingar og livsmeistring: BUA-lærlingar (Barne- og ungdomsarbeidar) i kommunale barnehage og skular. Os kommune er lærebedrift for Fagopplæringskontoret i Hordland. Enkelte private barnehagar er også lærebedrift for BUA-faget.



- **Tilsyn:**

Os kommune gjennomfører, med heimel i Lov om barnehagar, minimum 6 planlagde tilsyn i barnehagar pr. år. Eventuelle ikkje-planlagde tilsyn kjem i tillegg. Barnehagefagleg kompetanse frå kommune i Midhordland kompetanseregion bistår med kompetanse og er nøytral part ved gjennomføring av tilsyn. Oversikt over gjennomførte tilsyn og rapport etter tilsyn finn du her: <https://oskommune.no/skule-og-barnehage/barnehage/tilsyn-med-barnehagar/>

- **Møteplassar:**

Kommunalt oppgåvafellesskap med barnehagefaglege tilsette i dei 5 andre kommunane i Midhordland kompetanseregion; Austevoll, Tysnes, Fusa, Samnanger og Vaksdal. Fagdag for barnehagetilsette, kommuneleiing og politikarar annakvart år. Os kommune er representert i barnehagefaglege møtepunkt og nettverk hos Fylkesmannen i Hordaland.

- **Godkjenning:**

Alle barnehagane i Os kommune er godkjent med heimel i barnehagelov og forskrift om miljøretta helsevern. Godkjenningane blir følgt opp av kommuneoverlege i Os.

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsingar

4. Tilsyn

5. Livsmeistring -  
felles satsing  
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

# Kapittel 2: Barnehagemynde

Kommunen si rolle som lokal barnehagemynde er definert i barnehageloven § 2, I. ledd: «Kommunen er lokal barnehagemyndighet. Kommunen skal gi veiledning og påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk.» Bestemmelsen vidarefører og presiserer kommunen sitt overordna ansvar for å sikre at alle barn får eit godt og forsvarleg barnehagetilbod uavhengig av kva barnehage ein har plass i. Kommunen skal ved godkjenning av barnehagar og aktiv rettleiing og tilsyn sjå til at barnehagane i kommunen blir drivne i tråd med dei krav som er sett i barnehageloven med tilhøyrande forskrifter.

## Faste og kontinuerlege oppgåver for barnehagemynde i Os kommune, jmf. Lov om barnehagar

- Følge opp lov og tilhøyrande regeverk
- Sikre føreseielege og likeverdige rammer for barnehagedrift
- Gjennomføre eit felles samordna opptak pr. år
- Sikre tilbod om barnehageplass til barn med rett til plass i Os kommune
- Tilpassa tal barnehageplassar i tråd med folkevekst og behov for barnehageplassar
- Månadleg kontantstøtterapportering til NAV om barnehageplassar som er i bruk
- Gjennom rettleiing og tilsyn sikre

barnehagetilbod med høg og opplevd kvalitet for alle barn


- Følgje opp og legge til rette for kompetansehevingstiltak og vidareutdanning for barnehagetilsette saman med barnehageeigar
- Bidra i tverrfagleg og heilskapleg samarbeid på tvers av tenestene i kommunen

## Kjerneoppgåver

- Bistå barnehagane med kunnskap og informasjon som bidrar til eit opplevd godt psykososialt miljø i der barn opplever livsmestring og å høyre til i eit inkluderande fellesskap
- Bistå barnehagane i arbeidet med å vere ei pedagogisk verksemد som medverkar til at alle barn får oppleve livsglede og meistring i eit

sosialt og kulturelt fellesskap

- Bidra til at alle barn opplever like muligheter for leik, livsutfaldning, meiningsfylte opplevingar og aktivitetar uavhengig av barnehage
- Bidra til at Os kommune tilbyr eit likeverdig pedagogisk tilbod som støttar opp om barn si generelle utvikling i alle barnehagane
- Bistå barnenhagane i arbeidet med å legge til rette for foreldresamarbeid og foreldrestøtte



Ny rammeplan trådte i kraft 01.08.17 og denne vert implementert i barnehagane.

I kapittel 3; «Formålet med og innhaldet i barnehagen» er følgjande presisert:

### «Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap»

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspele. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspele med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barnet skal støttast, samtidig som barna får hjelpe til å mestre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.

#### Personalet skal:

- støtte barnas initiativ til samspele og bidra til at alle barn kan få leike med andre, oppleve venskap og lære å halde på vener
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meningar
- støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utesetjing, mobbing, krenkingar og uheldige samspelemonster»

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Kommunale barnehagar og satsingar	4. Tilsyn	5. Livsmeistring - felles satsning barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

# Kapittel 3: Kommunale barnehagar og satsingar

## Kommunale barnehagar

Os kommune er eigar av 2 barnehagar. Barnehageopp-taket visar at vi i løpet av hausten 2018 vil ha totalt 210 barn ( 70 små barn (0-2 år) og 140 store barn (3-6 år) i dei kommunale barnehagane . Det har vore ei auke på 16 barn frå tilsvarende tidspunkt i fjar. I dette avsnittet vil vi legge fram fakta knytt til desse barnehagane.

Begge barnehagane arbeider med å implementere ny rammeplan. Dei to barnehagane har eit godt samarbeid på tvers.

Det er tilført ressursar til begge dei kommunale barnehagane for å sikre oppfylling av pedagognorm og bemanningsnorm frå barnehageåret 2018/19.

**Lysekloster barnehage** blei etablert som kommunalt eigd barnehage i 1994. Lysekloster har eit flott uteområdet som blir aktivt nytta. Barna får leike i kupert skogterren, i tillegg til at det er lagt til rette for aktivitetar som sykling og diverse leikeapparat.

Barnehagen har 4 avdelingar, der to er for barn i alderen 1-3 år, og to for barn i alderen 3-6 år. Barnehageåret 2018/2019 er det totalt 66 barn i barnehagen. Barnehagen er einaste barnehage i Lysefjorden og det er stor

etterspurnad etter plassar. Det er ønskjeleg å utvide drifta gjennom å sette i stand ledige lokale i barnehagen (tidlegare SFO-lokale). Ei auke i tal plassar i Lysekloster kan bidra til redusert tal barn i barnehage i Bergen. Oversikt over osbarn i Bergensbarnehagar visar at mange har adresse i Lysefjorden. Administrasjonen vil legge inn midlar til ei slik utviding i budsjettforslag 2019. Barnehagen har ei bemanning på 16,5 årsverk inkludert styrar. Dette barnehageåret har barnehagen 1 lærling. Barnehagen deltek i kommunale satsingar og det spesiell fokus på følgjande:

- Uteliv og naturen rundt oss
- Prosjektarbeid – relatert til barns medverknad
- Språkløype: Overgang frå barnehage til skule

**Os barnehage** har vore i drift frå 01.03.2011. Barnehagen har 8 avdelingar; 3 for små barn og 5 for store barn. Barnehagen har 40 plassar på småbarnsavdelingane og totalt 105 plassar på dei store avdelingane. Bemannning er på 32 årsverk, inkludert styrar og assisterande styrar.

Barnehagen deltek i kommunale satsingar og har spesiell fokus på følgjande:

Arbeide med «den raude tråden» i barnehagen, fokus på månadsplan og felles innhald. Rapportar kva månad er


viktig i dette arbeidet for å sikre vedlikehald og endring.

Arbeide førebyggjande med det sosiale miljøet i barnehagen og forhindre at «uheldige samspills-mønstre» får utvikle seg. Vi har månadleg felles emne for heile barnehagen. Avdelingane jobbar ulikt og med ulik reiskap, vurdert etter gruppa sine behov. Tema er jamleg opp på ulike møter i personalet for å sikre deling og kompetanseheving.

DUÅ (dei utrulege åra): vi har 5 som skal på kurs dette året. Og vi held fokus på implementering av metoden i heile personalgruppa gjennom å ha ulike fokus kvar månad.

Språkløyper – fleire moduler vil bli implementert i løpet av året.

Os barnehage tar i mot studentar frå Høgskulen på Vestlandet, elevar frå vidaregåande skule og ungdomsskullegutar som leikeressurs. Vi gir og praksisplass til Vaksenopplæringa i Os.



## Lærlingar i barnehagen

Lysekloster barnehage har gjennom mange år hatt lærlingar i barne- og ungdomsfaget. Dette har vore engasjerte unge jenter (så langt har det vore jenter som har vore hos oss), som har valt utdanning innan eit felt dei er interesserte i, og ønskjer å utdanna seg i. Det har vore ulikt frå år til år kor mange lærlingar vi har hatt, det har variert mellom 1 og 3. Hos oss har det dei siste åra vore barnehagelærarar som har hatt ansvar for lærlingane. Dei har følgt dei opp med rettleiing, og vore nære kontaktpersonar.

Det å ha lærling i barnehagen er ein god ressurs, både for den einskilde avdeilinga, og for barnehagen. Dei bidreg i arbeidet med barna, og dei bidreg med sitt nærvær i personalgruppa. To ekstra hender betyr mykje for oss i ein travle kvardag. Det å ha ein voksen som har god tid til dei små, og er «på toppen» av grunnbemanninga. Dei får alltid erfaringar frå arbeid med både dei minste og dei eldsta barna i barnehagen.

Sist barnehageår hadde vi tre lærlingar. Gjennom året hadde dei ulike oppgåver og ansvar, i ulike aldersgrupper. I vår hadde dei eit felles prosjekt dei gjennomførte med førskulebarna. I prosjektet jobba barna med årstider, fargar og former. Barna var veldig stolte over det dei hadde lært og det dei hadde laga. Etter prosjektet evaluerte lærlingane mellom anna samarbeidet og relasjonar seg imellom, og relasjonar mellom barna. I etterkant sa eit av barna: «Thea (ein av lærlingane) er min beste venn.»

Vi er så glade for å ha lærlingar i vår barnehage. Dei er eit positivt tilskot, både fordi vi blir fleire vaksne, og for måten dei tilnærmar seg barna på. Våre erfaringar er at dei tek ansvar, ser ting som må gjerast, og dei er veldig tilstade i lag med barna. Dei er lydhøre og lærevillege. No i august er vi så heldige å få ein av dei tidlegare lærlingane tilbake i eit vikariat, etter at ho tok fagbrev i vår.

## Satsingar


Os kommune har gjennom mange år lagt vekt på å sikre eit godt barnehage-tilbod til alle barn i Os. Vi har difor tilbod om felles satsingar uavhengig av barnehage eigar og vi er svært glad for at barnehagane nyttar desse tilboda og at vi har god dialog med alle barnehagane i kommunen. Nedanfor gir vi døme på dette

Frå hausten 2018 startar Oppvekst og kultur med nettverk knytt til implementering av ny pakke frå den nasjonale språkløypesatsinga: «Overgang frå barnehage til skule.» Dette er ein kompetanse-utviklingspakke for barnehage- og skoleleiing, samt ansatte i barnehage og skule som jobber med barn i overgangen fra barnehage til skule. Kompetanseutviklinga er initiert og leia av Oppvekst og kultur i nettverk for deltakrarar fra barnehage- og skulenivå. Eit av måla for arbeidet er å sikre kontinuitet og samanheng for barnet i overgangen fra barnehage til skule.

Barnehagane arbeider med å implementere «Språkløyper – kompetanse-utviklingspakke som bidrar til å styrke barnehagens daglige arbeid med barnas språklæring gjennom ulike leseaktivitetar». I kompetansepakkan blir språk og leseaktivitetar presentert for alle barn i barnehagen, både yngre og eldre barn, gutter og jenter, barn med ulike morsmål og barn med språkvanskar. Nokre av barna vil ha særleg språkleg utbyte av å bli inkludert i lese- aktivitetar og alle vil ha glede av det.

DUÅ («De utrolie årene») blir implementert i barnehagane og Oppvekst og kultur får positive tilbakemeldingar frå barnehagane på denne satsinga. DUÅ er ein programserie som består av åtte utviklingsstøttande program retta mot barn i alderen 0 - 12 år og familiene deira. Programma fremjar positivt samspill barn imellom og mellom barn og vaksne. Fleire av programma er universalførebyggjande, andre er målretta førebyggjande, og dei resterande er tilrettelagde for å rettleie føresette til å handsame barn sine vanskar i sosial- og atferdmessig samhandling.

Fagsenteret leier arbeidet med å implementere DUÅ i barnehagane som ein del av kompetanse- og kvalitetsutviklinga for barnehageområdet i Os kommune. Fagsenteret vert fulgt opp av Regionalt kunnskapssenter for barn og unge Nord (RKBU Nord) UiT Norges arktiske universitet i nært samarbeid med RKBU Midt-Norge, NTNU og RKBU Vest, Uni Research: <http://dua.uit.no/>



«De Utrolige Årene» har eit stort fokus på den vaksne si rolle og kompetanse i møte med barnet og barnegruppa

- Verktøyet vektlegg forebyggande arbeid og refleksjon rundt eigen og felles praksis i barnehagen
- Bygging av sosial og emosjonell kompetanse hos det enkelte barn er sentralt der målet mellom anna er å forebygge mobbing og utesettenging
- Det langsigke målet er å bygge god psykisk helse som er grunnlaget for læring og utvikling og som også har eit samfunnsnyttig perspektiv

Fleire barnehagar gir uttrykk for at DUÅ er eit viktig påfyll som supplerar andre verktøy og satsingar dei arbeider med. For å halde dette arbeidet varmt og utvikle det vidare i den enkelte barnehage er det viktig at oppfølgings- og implementeringsarbeidet får halde fram også etter at alle barnehagane i Os har fått tilbod om kurs. Frå august 2018 starter vi med "oppsamlingskurs" for nye tilsette i barnehagane.

Fire barnehagar får etter søknad midlar til å gjennomføre Tilvenning i vatn for barn i alderen 4 – 6 år. Tre av barnehagane har fast tid i Osbadet medan ein barnehage nytter skjærgården til coastering. Fokus her er tryggleik i vatn og mestring å forflytte seg og bevege seg i sjø, på ulikt underlag og komme seg på land igjen.



Foto: Midtsiden, Kjetil Vasby Bruarøy

### Ungdomsskulegutar som leikeressurs – ein suksesshistorie

Os kommune sitt overordna mål for prosjektet «Ungdomsskulegutar som leikeressurs» er å styrke likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagane på kort og lengre sikt, ref. «Handlingsplan for likestilling 2014». Barnehage er ein del av samfunnet som barn veks opp i og skal gjenspeile dette. Barnehageområdet er dominert av kvinner og det langsigke målet til leikeressursprosjektet er å bidra til at fleire menn ynskjer å utdanne seg innan faget.

Oppvekst og kultur starta prosessen med prosjektet våren 2014 og var i gang våren 2015. Prosjektet har vore ein suksess og vi har valt å halde fram med 6 prosjektbarnehagar som tilsaman har tilsett nærmare 120 ungdomsskulegutar. Både Os ungdomsskule og Nore Nesi ungdomsskule er med i prosjektet og vi har etablert eit godt og velfungerande samarbeid med ungdomsskulane.

Følgjande 6 barnehagar er prosjektbarnehagar:

- Borgafjell barnehage
- Espira Kuventræ barnehage
- Nøtteliten barnehage
- Os barnehage
- Skeisbotnen barnehage
- Søre Øyane Naturbarnehage

Leikeressursane er ungdomsskulegutar som etter søknad får tilbod om å bli leikeressurs i ein gitt periode. Dei tilsette i barnehagen vurderar ut frå søknad kven som skal få tilbod om jobb. Leikeressursane mottar lønn for arbeidet. Leikeressursen er med barna på deira premissar men kan også ta initiativ til aktivitetar i barnehagen. Forslag til aktivitetar er: Tegning, maling, bygge lego, musikkstund, "fotballskole", uteleik, lesegruppe med meir. Som leikeressurs får gutane rettleiing av mannlege tilsette dersom barnehagen har det.

Du kan lese meir her: <https://www.midtsiden.no/dei-populaere-leikekamertane>

eller sjå film produsert av elevar på Os ungdomsskule ned god hjelp av Os og Fusaposten: <https://vimeo.com/218751126/816070dce4>



# Kapittel 4:Tilsyn

Kommunen er lokal barnehagemynde og skal med heimel i barnehagelova både rettleie og føre tilsyn med barnehagane i kommunen. Det overordna føremålet med rettleiing og tilsyn er å sikre at barn i barnehage får eit heilskapleg, forsvarleg og kvalitativt godt tilbod. Den ønska effekten av rettleiing og tilsyn til barnehagane er å sikre at barnehagelova med forskrifter vert etterlevd.

Oppvekst og kultur sin kapasitet tillèt tilsyn i 6 barnehagar pr. år innanfor ei realistisk ramme for gjennomføring. Det betyr at det går 3 år mellom kvar gang ein barnehage har stadleg tilsyn frå kommunen. Det er i minste laget og krev ei tett oppfølging gjennom året for å sikre oppfølging, rettleiing og dialog med barnehagane. Stadleg tilsyn, rettleiing og samhandling bidrar til å styrke barnehagane som pedagogiske verksemder.

Tilsyn etter barnehagelova § 16 kontrollerer om barnehageeigar oppfyller pliktene sine som eigar.

- Tilsyn skal sikre at barnehagane vert drivne i samsvar med barnehagelova med forskrifter, og at barnehagane har ei forsvarleg drift. Det skal bidra til å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.
- Tilsyn vil kunne vere til hjelp for barnehageeigar i arbeidet med å kvalitetssikre og utvikle verksemda si.
- Barnehagelova § 8, femte ledd, gir kommunen rett til innsyn i dokumenter og tilgong til barnehagen sine lokale når det er nødvendig

for å ivareta oppgåvene til kommunen.

Økonomisk tilsyn mot ein barnehageeigar frå 2016 vart lukka i vår. Arbeidet med det tilsynet var ressur-skrevjande på bakgrunn av få nasjonale saker på dette området og lite støtte i lov og regelverk.


Stor merksemeld har det også vore knytt til tilsyn med Borgafjell barnehage 2017/2018. Erfaringar frå tilsynet har resultert i ny rutine for tilsyn med barnehagane. Denne rutina vert lagt fram for kommunestyret hausten 2018 og vil erstatte «Kommunal plan for tilsyn med barnehagar» som blei vedteke i Kommunestyret 24.04.07.

Oversikt over gjennomførte tilsyn:


<https://oskommune.no/skule-og-barnehage/barnehage/tilsyn-med-barnehagar/>

Tett samarbeid med barnehagefaglege tilsette i dei 5 andre kommunane i Midthordland kompetanseregion (Austevoll, Tysnes, Fus, Samnanger og Vaksdal) bidreg til kompetanseutvikling og fagleg trygghet på barnehageområdet. Aktiv deltaking i møtepunkt og

nettverk hjå Fylkesmannen i Hordaland bidreg også til at Os kommune er oppdatert på gjeldande lov og regelverk.



# Del 2: Skule



# Kapittel I: Innleiing

## Viktige hendingar

### 2017

- Gjennomførte fagdagar, samlingar, nettverk, foreldremøter m.m. med tema eit godt læringsmiljø og livsmeistring.
- Følgjer opp skulane tett i høve regelendring § 9A
- BLR- Chromebook for nye elevar på 8.trinn
- Nye Lunde barneskule tatt i bruk ved skulestart haust 2017
- Meistringsteamet utvida til barneskulane: 50% stilling på meistringsteamet for 5-7.klasse
- Følgje opp aktiv bruk av SIM-permen (sjåast i morgen)
- Dialogkafe med alle samarbeidsutvala(SU) i skule og barnehagane
- Nytt barnehage/SFO system er integrert med skuleadministrativt system
- Oppretta “Innsatsteam mot mobbing” for barnehagar og skular i Os kommune
- Gjennomførte elevundersøkinga på alle trinn f.o.m. 5. t.o.m. 10.trinn


### 2018

- Gjennomføre fagdagar, samlingar, nettverk, foreldremøter m.m. Tema: Eit godt læringsmiljø og livsmeistring.
- Etablere «Skulebasert kompetanseutviklings-nettverk» (SKU) på tvers av skulane. Deling og refleksjon av metodikk, rammer og innhald rundt utviklingsarbeid på den enkelte skule.
- Felles samling med deling/refleksjon av resultat etter nasjonale prøvar og elevundersøkinga
- Følgje opp skulane tett i høve regelendring § 9A
- Tilsett ein ny kommunepsykolog
- Konferanse skulefråvær – reetablere SIM- team («Sjåast i morgen») i kommunen
- BLR- Chromebook for nye elevar på 8.trinn – hausten 2018 har alle ungdomsskuleelevar i Os kommune eigen Chromebook
- Ny lærarnorm- ni nye stillingar fordelt mellom fem barneskular og ein ungdomsskule
- Nettverk barnehage og skule om gode overgangar, startar hausten 2018
- Dialogkafè med samarbeidsutvala(SU) i skule og barnehage

## Eleveal og prognose

Indikator og nøkkeltal	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Tal på elevar	2 540	2 665	2 774	2 794	2 898
Årsverk for undervisningspersonale	200,8	202,8	208,3	209,4	219,4
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,2	100,0	99,5	99,8	99,7

Os kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn



## Tal elevar

Indikatoren opplyser om tal elevar som er registrert ved grunnskular per

1. oktober 2017. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunn-skule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

## Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser sum årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Vi har ein stor auke i elevtal. Vi aukar med 104 elevar. Dette har medført at klassane har blitt fylt opp. Mange skular har no trinn som er nærest fulle og nye klassar må opprettast. Lærarstillingane heng i stor grad saman med klassesetalet. På enkelte skular og trinn kan det bli kapasitetsutfordringar.

Dette vert følgt opp i revisjon av skulebruksplan.

## Lærartettleik og lærarnorm

Lærartettleik reknast med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelt på grunnlag av individuelle elevrettar.

Det er spesiell merksemd på korleis skulane organiserer undervisning og ressursbruk inn mot småskuletrinnet (1.-4.trinn). Tidleg innsats gjennom auka lærartettleik, ressurslærar og tilpassa opplæring er sentrale tema i møter med skuleleiingane.

Fra hausten 2018 er det innført ny lærarnorm for heile skuleløpet; 1.-10. klasse: 1 lærar per 16 elevar i 1.-4. klasse og 1 lærar per 21 elevar i 5.-10. klasse. Fra hausten 2019 skal talet vere 15 elevar i 1.-4.klasse og 20 elevar i

5.-10.klasse. Det er viktig å presisere at dette er det samla elevtalet på dei ulike trinna. Døme: 1.-4.trinn delt på lærarar som jobbar på 1.-4. trinn. I praksis kan ein då ha ein klasse med fleire elevar enn 16 på dette trinnet av di ein og har klassar/grupper som er færre enn 16.

## Forskningsprosjektet

### «Two teachers»

Two teachers er eit 4-årig forskningsprosjekt i regi av «Lesesenteret i Stavanger». Oppstart var hausten 2016. Vi har alle våre «to-parallelle» barneskular med i dette forskningsprosjektet. Two Teachers er eitt av to store prosjekt som skal undersøke effekten av auka lærartettleik for norske elevar. Kva betyr lærartettleik for elevane si læring og læringsmiljø? Dette er eit spørsmål som har vakt stor interesse og mykje engasjement dei siste åra. Det har blitt bevilga mykje pengar til fleire lærarar dei første skuleåra, men er det nok med ressursar? Målet med prosjektet er å sjå på korleis lærarane

bør jobbe for at det å ha fleire lærarar kan utnyttast best mogleg, og gi best mulig læringsutbytte for elevane.

Dette forskningsprosjektet blei avslutta våren 2018, to år før tida. Hovudårsaka er ny lærarnorm og signala frå deltaruskulane på at dei med ny norm var usikre på om dei kunne gjennomføre prosjektet fullt ut. Lesesenteret vil likevel kartlegge elevane som var med i prosjektet i fleire år for å sjå om to år med «Two teachers» kan gi ein effekt vidare, sjølv om satsinga er avslutta.

# Kapittel 2: Resultat

## Målsetting

Elevane i Os kommune skal utvikle dei grunnleggjande ferdigheitene. Desse er føresetnadane for læring og utvikling i skule, arbeidsliv og samfunn og har betydning for utviklinga av identitet og sosiale relasjoner. Vi ønskjer at resultata frå nasjonale prøver er på likt nivå eller betre, samanlikna med nasjonalt snitt. Når det gjeld Grunnskulepoeng, vil vi jobbe for å halde oss på same nivå som i dag.

## Fakta

- Vi ser rimeleg gode resultat på Nasjonale prøver for Os kommune.
- Resultata i engelsk og rekning har betra seg i Os kommune
- I engelsk 5. trinn ser vi ein klar forbetring med få elevar på meistringsnivå 1 og fleire på meistringsnivå 3. I rekning har vi eit godt resultat med mange elevar på meistringsnivå 3. Når det gjeld lesing på 5. trinn, har vi ein framgang frå i fjor.
- Det er forskjell mellom skulane på barnetrinnet
- På ungdomstrinnet har vi gode resultat, med færre elevar på nivå i rekning og lesing.
- På 9. trinn har vi gode resultat i rekning, men vi ser ein liten nedgang i lesing samanlikna med fjoråret. Vi har litt fleire elevar på lågaste nivå.
- Vi held fram med felles rutine og møtepunkt for analyse og oppfølging av resultat i skuleleiingsmøta og på den enkelte skule.
- Elevane våre viser framgang på nasjonale prøver frå Barneskulen til ungdomsskulen.
- Vi er spesielt godt nøgde med at grunnskulepoenga ligg på nasjonalt nivå. Dette er eit viktig resultat som bidrar til eit godt utgangspunkt for overgangen til vidaregåande skule.
- 86,92 % av våre elevar har fullført og bestått VG1 skuleåret 16/17. Dette er gode tal!

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsingar

4. Tilsyn

5. Livsmeistring -  
felles satsning  
barnehage og skule

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

6. Oppveksteigar

## Kort om nasjonale prøver

Nasjonale prøver skal gje informasjon om i kor stor grad elevane sine grunnleggjande ferdigheter er i samsvar med måla i læreplanen. I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, samt i lesing og rekning på 9.trinn.

Å beherska grunnleggjande ferdigheter er nødvendig for læring og utvikling i skule og deltaking i seinare samfunnsliv. Dei grunnleggjande ferdighetene, slik dei er definerte i Kunnskapsløftet, er å kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verktøy. Grunnleggjande ferdigheter er integrert i læreplanane for fag. Kartlegginga av elevane sine læringsresultat skal, saman med anna vurdering, danne grunnlaget for å iverksetje forbetringstiltak både retta mot den enkelte elev og på skule- og kommunenivå. Resultata er i hovudsak offentlege, og er publisert på [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no).

## Oppfølging av resultata

Resultata på dei nasjonale prøvene blir følgd opp med analyse, drøfting og tiltak som skal auke kvaliteten på opplæringa slik at fleire elevar utviklar seg vidare og opplev meistring.

Resultata frå nasjonale prøver må alltid sjåast i samanheng med anna informasjon, kartlegging, vurdering og resultat.

Os kommune har ei rutine for gjennomføring, analyse og oppfølging av resultat av nasjonale prøver. Dette er tema på den enkelte skule, i felles skuleleiingsmøte og i ansvarsdialog mellom skuleeigar og den enkelte skule. Resultat frå nasjonale prøver vert presentert i Tenesteutvalet årleg.

## Lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg elevane sine grunnleggjande ferdigheter i lesing. Dette i samsvar med mål slik dei er integrerte i Læreplanen frå 2006.

Utdanningsdirektoratet definerar lesekompesantane som at elevene kan:

forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i skrevne tekstar for å kunne nå sine mål, utvikle sin kunnskap og evner og delta i samfunnet.

## Rekning

Nasjonale prøvar i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde: Tal, måling og statistikk.

**Prøvane i rekning på 5.trinn** tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette betyr at elevane forstår korleis dei:

Kan løye ei gitt utfordring, kan løye problemet ved

hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara er rimelege og kan ha effektive strategiar for enkel talrekning.


**Prøvane i rekning på ungdomstrinnet** tar utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette betyr at dei:

Forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løye ei gitt utfordring, kan løye problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara dei får er rimelege og kan vise effektive strategiar for enkel talrekning.

## Engelsk

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine leseferdigheter i engelsk er i samsvar med kompetansemål knytt til leseforståing, vokabular og grammatikk.

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdighetene som er integrert i kompetansemål i læreplanane i alle fag i Læreplanen av 2006. Prøvane tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.



## Resultat frå nasjonale prøver


På tross av satsinga på lesing, ser vi ikkje heilt den utviklinga vi ynskjer enno. Likevel trur vi fokuset på dei grunnleggjande ferdighetene, og

spesielt fellessatsinga "Lesing og skriving som grunnleggjande ferdighet" og «Forsterkingsslærar», vil gje positiv effekt på nasjonale prøvar framover. Resultata på 5.trinn er delt inn i tre


meistringsnivå, der nivå 1 er det lågaste og 3 er det høgaste. På ungdomstrinnet er resultata delt inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgaste nivå.

Resultata på 5.trinn er delt inn i tre meistringsnivå, der nivå 1 er det lågaste og 3 er det høgaste. På ungdomstrinnet er resultata delt inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgaste nivå.

### 5.trinn: Lesing, rekning og engelsk



### 8.trinn: Lesing, rekning og engelsk



BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsingar

4. Tilsyn

5. Livsmeistring -  
felles satsing  
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø


4. Gjennomføring

## Analyse av resultat på 5.trinn

Vi ser rimeleg gode resultat på Nasjonale prøver samla sett for Os kommune. Samtidig ser vi at vi ligg like under nasjonalt nivå.



På engelsk 5. trinn ser vi ein klar forbetring. Dei to siste åra har vi hatt ein positiv utvikling der vi har færre elevar på nivå 1 og fleire på nivå 3. Dette ser vi i samanheng med det bevisste arbeidet skulane i Os har drive, der dei t.d. har hatt fokus på engelskfaget. Faget har vore drøfta på leiarnivå og på skulenivå og fleire av lærarane har tatt vidareutdanning. I tillegg har fleire av skulane vurdert og tatt i bruk nye læremiddel i faget.




I rekning har Os kommune gode resultat. Vi har fleire elevar enn landsgjennomsnittet på meistringsnivå 3, og noko færre elevar på meistringsnivå 1.


Vi opplever at skuleleiing og lærarar i Os er bevisste når det gjeld arbeid med grunnleggande ferdigheter, t.d. rekning. Skulane jobbar jamt med å forankre dette, for på den måten å sikre gode haldningar til fagområda og den positive utviklinga vidare.

Fleire av lærarane har tatt vidareutdanning og bidrar med ny og viktig kunnskap inn i kollegiet. Leiing og lærarar reflekterer og diskuterer, og vi har fokus på å utvikle eit meir kritisk blikk på eigen praksis.

Vi ser også stor grad av delingskultur i skulane vår. Lærarar, i større og mindre faggrupper, reflekterer rundt fagleg innhald og didaktiske opplegg. Mange har tatt i bruk spennande, konkrete og praktisk retta arbeidsmetodar, noko som igjen fører til større grad av forståing og læring hos elevane.

Os kommune tilbyr nye og betre digitale hjelpemiddel. Desse kan også bidra til god utvikling av dei grunnleggjande ferdighetene.








Vi har ein betring også når det gjeld lesing på 5. trinn. Den positive utviklinga er likevel ikkje så tydeleg som vi kunne ønske.

Vi har forskjeller mellom skulane. Dei store barneskulane burde vore meir like. Skulane i Os satsar på «Lesing som grunnleggjande ferdighet» og alle lærarane våre er leselærarar. «Leselos» og «Språkløyper» er felles for alle barneskulane, medan ungdomsskulane i fleire år har jobba med «Ungdomstrinn i utvikling». Det blir sett av tid til å jobbe med «Lesing som grunnleggande ferdighet» på skulane og vi har eit felles fokus på området.

Vi meiner også at satsinga på «Forsterkingslærarar» på 1. – 4. trinn vil vere viktig for resultata vidare. Gjennom ei slik styrking vil elevar som ikkje har oppnådd ønska resultat etter kartleggingsprøvar bli følgt tettare opp.


Alt dette utgjer eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet som vi trur vil føre til betre resultat på sikt.

## Resultat ungdomstrinn



Generelt har vi gode resultat på 8. trinn. I rekning ligg vi på nasjonalt nivå. Det same gjeld engelsk, men her har vi litt færre elevar på dei øvste nivåa. Når det gjeld lesing, ligg vi på same nivå som kommunegruppe 8. I høve nasjonalt nivå ligg vi like under. Dersom vi ser resultata i samanheng med fjoråret, har vi ei liten betring.


### Engelsk



Vi har gode og stabile resultat i engelsk gjennom dei siste åra. Vi ser at vi har noko færre elevar på mestringssnivå 1 samanlikna med tidlegare år, men ein liten reduksjon i talet elevar på mestringssnivå 5. Dette er relativt små endringar.


Resultata på 8. trinn er ein måling av arbeidet som er gjort på mellomtrinnet. Sjølv om vi har hatt relativt svake resultat i engelsk på 5. trinn, gjer elevane på 8. trinn det stabilt godt. Vi håpar den gode utviklinga på 5. trinn vil prege resultata endå meir på ungdomstrinnet framover.

### Lesing




Resultata i lesing er stabile. Litt færre elevar havnar på dei lågaste nivåa og litt fleire på dei høgaste, samanlikna med fjoråret. I eit litt lengre perspektiv har vi stabile tal.

Samanlikna med kommunegruppe 8 ligg vi på same nivå. I høve nasjonalt nivå, noko under. Dette året har vi færre elevar på nivå 1 og 2, samanlikna med dei førre åra. Vi veit at det i Os kommune, både på leiar og lærarnivå, har vore eit sterkt fokus på lesing dei siste åra. Lesing som grunnleggjande og avgjerande ferdighet har fått ein mykje større plass i skulen enn tidlegare. Det har vore arbeidd jamleg med gode lesestrategiar, avkodingsverktøy og leseforståing, og lesing, som den komplekse aktivitet det er, blir forstått på ein anna måte. Vi trur dette kan bidra til at fleire elevar blir meir funksjonelle lesarar i tida framover.




### Rekning 8. trinn




Vi ser ein forbetring frå siste år der vi har fleire elevar på nivå 4 og 5 og færre på nivå 1. Vi ligg likt med kommunegruppe 8. og nasjonalt nivå. Dette er eit godt resultat.

### 9. trinn




I rekning ligg vi på nasjonalt nivå. I lesing har vi eit relativt svakt resultat. Vi ser ein nedgang frå fjoråret.


### Lesing 9. trinn



Vi har eit relativt dårleg resultat når det gjeld lesing. For mange elevar havnar på dei to lågaste nivåa. Vi veit at ungdomstrinnet gjennom «Ungdomstrinn i utvikling» og vidareføringa av denne satsinga, har hatt eit sterkt fokus på lesing i alle fag. Skulane har jobba mykje med lesing som grunnleggjande ferdighet, og hatt dette oppe som tema på leiarnivå, på nettverkssamlingar og på trinnmøte. Vi håpar på ein tydelegare positiv utvikling i åra som kjem. Skulane vil framleis halde fram med sitt fokus på lesestrategiar, avkodingsverktøy og leseforståing. Gjennom dette arbeidet vil elevane nærme seg tekstar på ein meir hensiktsmessig og effektiv måte.



## Rekning 9. trinn



Vi har stabilt gode resultat i rekning. Nærare 50% av elevane skårar til nivå 4 og 5. Vi har få elevar på mestringsnivå 1. Vi opplever at fordelinga mellom mestringsnivåa er rimeleg sunn. På ungdomstrinnet, gjennom den nasjonale satsinga Ungdomstrinn i utvikling (UIU), har skulane arbeidd konkret og praktisk med grunnleggande ferdigheter. I tillegg har begge ungdomsskulane endra tidlegare praksis når det gjeld tentamen i matematikk. Prøvene er no blitt meir prosessorienterte, går over fleire dagar og har ein meir praktisk tilnærming enn tidlegare. Vi har stor tru på denne tilnærminga til faget. Elevane melder tilbake at ei slik ordning fører til større grad av læring og forståing. Vidareutdanning for lærarar har gitt fagområdet eit stort løft.

Ungdomsskulane i Os kommune har arbeidd grundig med omgrepstrenings gjennom ein lengre periode. Gode grunnleggande ferdighetene er avhengig av ein god omgrepsforståing.

Eit stort lesefokus i kommunen har satt sitt preg på fleire fagområde enn lesing. I rekning møter elevane komplekse tekstoppgåver, der lesedugleiken blir avgjeraende for korleis dei løyser oppgåvene. Det at elevane har øvd på å lese og tolke lengre tekstar, gjer at dei også har større grad av uthald når dei møter tekstoppgåver i rekning eller matematikk.

## Å lese er meir enn å lese


«Å lese er så mykje meir enn å lese» sa ein av realfagslærarane på Os ungdomsskule ein tidleg morgen i november. Han heldt fram: «Eg opplever at mange av elevane våre ikkje er vane med å sitje stille og lese over lengre tid, og at nokon ikkje les i det heile. Eg hugsar frå tida mi på ein barneskule i Bergen, at vi hadde eit svært vellykka leseprosjekt der elevane fekk tid til stillelesing på skulen kvar dag. Den gang blei eg så nysgjerrig rundt prosjektet, at eg bestemte meg for å teste elevane sin lesefart og ordforståing to gonger. Den første i forkant av prosjektet, den siste i etterkant. Resultatet sa meg at dette fungerte. Elevane blei rett og slett betre lesarar». Denne samtalen blei utgangspunktet for at lærarane på Os ungdomsskule, ved oppstart i januar 2018, blei samde om å starte ein «lesekjeksjon» som skulle vere resten av skuleåret. Kvar dag skulle elevane starte 1.time med stillelesing. 20 heilage minutt, uavhengig av fag. I klasseromma observerte vi rolege elevar i djup konsetrasjon om litteratur.

Elevane kunne sjølv velje kva dei ville lese, om dei ville fordjupe seg i tjukke, omfattande romanar eller lettlest-litteratur med store bokstavar og mange biletar. All litteratur var lov, felles for alle var lesinga.

Elevane fekk hjelp til å finne nye bøker, det blei tid til uformelle samtalar om litteratur og andre viktige emne, og vi hadde fokus på ro og orden. Elevane skulle kjenne seg trygge og godt tatt vare på.

Målet med «aksjonen» var å auke lesegleda, og å bidra til betra lesekondisjon. Det blei ikkje stilt krav til nokon form for vurderingsarbeid eller anna skriftleg arbeid i tilknyting til prosjektet.

Os ungdomsskule har valt å halde fram med «lesekjeksjonen». No er vi i startgropa av eit nytt skuleår, og i klasseromma på Os ungdomsskule vil ein kunne observere elevar som sit konsentrerte med ei bok i handa, dei første 20 minuttene kvar dag. Heile personalet er samde om at dette er god bruk av tid, og at investeringa på sikt vil bidra til auka lesedugleik.



## Resultat grunnskulepoeng

Resultat grunnskulepoeng Gjennomsnittlege grunnskolepoeng har auka jamt dei siste åra, både nasjonalt og i alle fylker. Elevkullet har denne gangen i snitt 41,8 grunnskolepoeng. Dette er 0,4 poeng meir enn i fjor. Jentene har hatt ein mer positiv utvikling enn gutane og har no i snitt 4,5 grunnskolepoeng meir enn gutane. For dei einskilde faga er det relativt små endringer i standpunkt- og eksamenskarakterar frå i fjor, men for dei fleste faga er karakterane stabile eller går svakt opp.



## Os kommune

Vi har også dette året eit godt resultat når det gjeld grunnskulepoeng. Vi ligg jamt med fjoråret og over nasjonalt snitt. Vi har god samanheng mellom standpunkt-karakterar og eksamenskarakterar. Når vi ser på nasjonale prøver på 5. og 8. trinn har vi gjennom fleire år lagt noko under nasjonalt snitt. Grunnskulepoenga visar at våre elevar har god fagleg utvikling gjennom ungdomsskuleåra. Det er interessant at våre elevar forbetrar seg såpass mykje frå nasjonale prøver 5. trinn til avslutning av grunnskulen. Målsetjinga for «Ungdomstrinn i utvikling» var motivasjon og meistring gjennom praktisk og variert undervisning. I løpet av satingsperioden har skulane kollektivt endra og forbetra praksis.

Mestringsteamet er ein viktig og avgjerande satsing i kommunen. Teamet bidreg til tett oppfølging av elevar som strevar i skulekvardagen.


Vi har tru på at desse satsingane har vore sentrale faktorar for det gode resultatet.

Grunnskolepoengsnitt	06-07	07-08	08-09	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19
Os kommune	40,3 3	39,3 1	38,7 9	40,7 3	39,4 8	40,3 3	39,0 3	40,2 2	40,3 8	41,4	42,2 5	42,2 8	-




## Gjennomføring vidaregåande skule - fullført og bestått

Fullført og bestått Vg1	06-07	07-08	08-09	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19
Os kommune	86,05	82,93	90,4	88,51	82,68	90,08	85,02	88,79	83,75	88,93	86,92	0	0



86,02 % av våre elevar består og fullførar første år på vidaregåande skule. Dette er, som tabellen syner, eit godt resultat.



## Oppsummering

### Nasjonale prøver

Vi har for mange elevar på lågaste nivå i lesing både på barnetrinnet og på ungdomstrinnet. I rekning og engelsk er vi meir lik nasjonalt nivå.

### Grunnskulepoeng

Vi er godt nøgd med at vi også i år har eit resultat like over nasjonalt nivå.

### Suksessfaktorar

- Felles satsingsområde i alle skulane våre: Lesing og skriving som grunnleggjande ferdighet, og sterkt fokus på eit godt læringsmiljø.
- Nettverk: Alle lærarane deltek på 4 nettverk gjennom skuleåret. Desse nettverka er sentrale i å utvikle felles kvalitet i satsingsområda våre og å utvikle ein lærande organisasjon med delekultur.
- Tett dialog og Skulebasert kompetanseutvikling. Nettverk med skulane i utviklingsarbeidet. LeseLos og Språkløyper er blitt kopla på etter kvart.
- «Two teachers»: Forskningsprosjektet har gjeve auka fokus på organisering av undervisninga på småskuletrinnet.
- Forsterkingslærarressursen: Barneskulane har fått tilført pedagogressurs til arbeidet med tidleg innsats i lesing og rekning på 1.-4.trinn.

### Utfordringar

- Halde fram med analyse av nasjonale prøver – finne konkrete forberettingsområde på dei ulike trinna og for faget og/eller dei grunnleggjande ferdigheiter.
- Setje inn forskningsbaserte tiltak for den elevgruppa som har behov for det.
- Særleg merksemrd mot læringsfremjande undervegsvurdering.
- Få alle skulebiblioteka meir involverte og sentrale i satsingsområdet lesing og skriving.

### Plan for oppfølging

- **Vidareutvikle** og forbetre felles rutine for nasjonale prøver.
- **Halde fram** med felles satsingsområde i lesing og skriving som grunnleggende ferdighet. LeseLos og Språkløyper er sentrale verktøy i dette arbeidet.
- **Nettverk:** Vi vil halde fram med nettverk for lærarane og plangruppa på skulane. Tema vert satsingsområda våre lesing, skriving og læringsmiljø og i tillegg vurdering og digitale ferdigheiter. Plangruppa vil ha Skulebasert kompetanseutvikling og vurderingspraksis som tema på sine nettverk.
- **Kompetanseheving:** Nye krav til lærarane sin undervisningskompetanse medfører at vi vil følgje opp krava til skuleeigar om å sikre naudsynt kompetanse i skulane våre.
- **Tidleg innsats - Forsterkingslærere:** Vi vil gjennomføre nettverkssamlingar for forsterkingslærarane. PPT blir med i dette arbeidet. Analyse og oppfølging av kartleggingsprøvar, forskingsbaserte tiltak og undervisningsopplegg vil bli presentert og drøfta. Rektor deltek på 2 av nettverka.
- **Os folkebibliotek:** vi vil invitere Os folkebibliotek med i eit tettare samarbeid for å vidareutvikle skulebiblioteka våre.

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



## Å meistra

Med tru på eigne evner kan born og unge læra og visa at dei meistrar.



Les meir på: [www.oskommune.no](http://www.oskommune.no)

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsingar

4. Tilsyn

5. Livsmeistring -  
felles satsning  
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

# Kapittel 3: Læringsmiljø

## Målsetting

Alle elevane i Os kommune skal ha eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.


## Fakta

- Elevane sin rett til eit godt og trygt skolemiljø er heimla i Opplæringslova kap.9A
- Alle skulane har planar som sikrar systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik til alle elevane.
- Alle skulane vil i perioden 2017-2019 gjennomføre ein halv utviklingsdag med fokus på godt læringsmiljø og kap. 9A i opplæringslova.
- Kap. 9A vil vere fokusområde på skuleleiarmøta for å sikre at skuleleiarane har kompetanse til å førebyggje, møte og handtere mobbing på sin skule
- Begge ungdomsskulane er MOT-skular
- Elevundersøkinga blir gjennomført kvart år. Frå hausten 2018 gjennomfører vi for 7.og 10.trinn som er obligatorisk. Dei andre trinna frå 5. trinn kan gjennomføre elevundersøkinga eller bruke andre undersøkingar som t.d. «Spekter» og «Klassetrivsel».
- Resultata viser at elevane våre trivst på skulen, men at det er elevar som har opplevd krenking som mobbing, diskriminering eller trakkassering.
- Skulane skal velje seg to område i elevundersøkinga som dei skal ha spesielt fokus på.
- Elevane skal ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.
- Begge ungdomsskulane har eit eige psykisk helse prosjekt kvar haust.

*Ein liten skule i ein annan kommune hadde fått ein ny elev som var svært krevjande og som utfordra elevsynet til dei vaksne på skulen. I mitt første møte, etter at denne eleven var kome til skulen, uttalte rektor : - Dette trengte vi på vår skule, få ein elev som utfordra oss i kvar dagen slik at vi verkeleg måtte jobbe med vårt felles elevsyn . Eg meiner vi no har ein heilt annan kapasitet og profesjonalitet på vår skule til å handtere elevar som utfordrar oss slik denne eleven har gjort!*

## Forhold som har avgjerande betyding for kvaliteten på elevane sitt læringsmiljø:

- læraren sin evne til å leie klassar og undervisning
- positive relasjonar mellom lærarar og den enkelte elev
- positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- godt samarbeid og dialog mellom heim og skule
- god leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen



## Trivsel og mobbing

Det viktigaste for trivselen er likevel fråvær av mobbing. Skulane har null-toleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men erkjenner samstundes at krenking kan forekomme. Det sentrale er at skulane arbeider kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Skulane skal ha kompetanse på- og rutinar for førebygging, avdekking og iverksetjing av tiltak raskt når elevar opplever krenking. Krenkingar er eit samleomgrep for negative ord eller handlingar som barn og unge opplever som krenkande for sin verdigheit og integritet, eller som gjer at dei føler seg ekskludert frå eit fellesskap. Det omfattar alt frå enkelt-ståande ytringar eller handlingar, til gjentekne episodar. Det omfattar mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering. Krenkingar kan vere direkte ord og handlingar, men også baksnakking, utfrysing, ryktespreiing eller andre handlingar som gjer at barn og unge opplever at dei ikkje er trygge, føler ubehag eller ikkje kjenner seg inkluderte i fellesskapet.

Krenkingane kan også vere digitale. Digitale krenkingar kan både vere direkte og indirekte – synlege og/eller usynlege. Synlege, digitale krenkingar kan vere produksjon av og/eller spreiing av biletar, video eller tekst. Dei usynlege, digitale krenkingane kan handle om ikkje å få «likes» eller invitasjonar, eller å bli utestengd frå sosiale grupper på nettet. Elevundersøkinga sine spørsmål om mobbing blei reviderte i 2016. Resultata på spørsmål om mobbing frå tidlegare år kan derfor ikkje samanliknast med resultata frå skuleåret 2016 og framover.

Vi skårar høgt på trivsel og godt læringsmiljø i elevundersøkinga, her er vi på grøn og har ei skåre på godt over fire. Dette betyr at dei fleste elevane som svarar på elevundersøkinga trivst og har det godt på skulen. Vi går dessverre litt opp når det gjeld mobbing på 5.trinn, men ned på 10.trinn, i forhold til skuleåret 2016-2017. Begge ligg likevel litt høgt, men ikkje på rødt. Ei forklaring kan vere at vi på alle skular frå august 2017 har hatt eit særleg stort fokus på at alle


skal ha eit trygt og godt læringsmiljø, og at fleire difor også har meldt i frå. Dette er erfaringar som fagsjef har gjort seg gjennom arbeidet i læringsmiljøprosjektet, der kommunar og skular som får rettleiing gjennom læringsmiljøprosjektet for å avdekke og stoppe mobbinga, har ein auke første halvår på mobbing, for så etter dette klarar å redusere mobbinga. I Os kommune vil vi at alle skular skal arbeide for eit reelt inkluderande skulemiljø der lærarar og leiing jamleg stiller kritiske spørsmål til haldningar og praksis, og gjer det dei kan for å motverka marginalisering- både sosialt og fagleg. God praksis vil då vere:

- Elevar, foreldre og tilsette kjenner til og handlar i tråd med skulen sin plan for eit godt psykososialt miljø.
- Våre tiltak er basert på systematisk bruk av data, samt gode og relevante analyse
- Relasjonane mellom elevar, lærarar og leiing er slik at alle tør å seie frå
- Dei vaksne på skulen har eit felles

fokus på at elevane utviser toleranse i praksis og tar vare på kvarandre

- Konfliktar tas tak i på eit tidleg tidspunkt og på ein måte som gjer at vi lærer av dei
- Vi arbeider kontinuerleg med å etterleve våre felles verdiar og haldningar i praksis

Vi ser at alle våre skular har hatt fokus på godt skulemiljø i skuleåret 2017/2018 og at dei handterer mobbing og krenkingar som oppstår, på ein god måte. Alle skular har fått gode rutinar for å jobbe førebyggande, og gjennomføre aktivitettsplikta når dei får meldingar frå elevar, føresette og tilsette om barn som ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø på skulen.



«Innsatsteam mot mobbing» i Os kommune er etablert. Vi må sikre at dette teamet blir nytta på ein god måte. Teamet har vært inn i 3-4 saker så langt og rådført skular og føresette, det har ikkje vore saker der Innsatsteamet har måttet gå tungt inn.

Ny §9A – aktivitetsplikt, risikovurdering og internkontroll

Det nye regelverket i kapittel 9A skal styrke rettane til elevar som blir mobba og deira foreldre.

*Ein kontaktlærar på 1.trinn opplevde ein ny gut på 6.trinn som skremmande, og var litt redd ham. «Eg er litt redd han, men han har eg bestemt meg for å lika og få ein god relasjon til.» Eit halvår seinare viste det seg at denne guten likte forminstimane aller best på skulen og var veldig glad i formingslæraren sin. Formingslæraren var og kontaktlærar på 1.trinn!*

Departementet ønska å lovfeste enda tydelegare krav til kva skulane skal gjera når elevar blir mobba, og at alle skal ha det trygt og godt på skulen. Regelverket er viktig for å setje standard og for å plassera ansvar og plikt på skuleeigar og tilsette i skulen.

Aktivitetsplikten gjeld for alle som arbeider eller utfører ei teneste på skulen. Aktivitetsplikten skal sikre at skulane handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, at ingen vaksne på skulen skal kunne snu seg vekk og seie at dei ikkje veit, ser eller kjenner til at elevar blir utsett for mobbing eller andre former for krenkingar på skulen. Det er viktig at skulane har tydelege haldningars på dette området. Rektor har ansvar for det systematiske arbeidet. Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal setjast i gang tiltak i ei sak.

I planen skal det stå:

- kva problem tiltaka skal løye
- kva tiltak skulen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltak

- når tiltaka skal evaluerast.

Aktivitetsplikten skal vidare sikre at det skal nytte for barn og ungdom å seie fra dersom dei ikkje opplever skulemiljøet trygt og godt, og den skal ivareta involverte elevar sin rett til å bli høyrte.

Aktivitetsplikten dreiar seg om at den enkelte skule må vurdere risiko og sannsynlighet for at krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering kan finne stad i eiga verksem.

Personalelet må saman reflektere over:

- kvar og når krenkingar kan førekome
- kven som kan vere utsett for å bli krenka eller krenke
- korleis dei som arbeider på skulen skal følgje med

Skulen må vidare våge å reflektere over dei vaksne si rolle, og vurdere risiko og sannsynlighet for at vaksne kan krenke elevar. Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa for eit trygt og godt skulemiljø.

FAU må aktivt vere i dialog med skulen om arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø. Elevar bør vere representert i SU, eller delar av SU, når skulemiljøet på skulen er tema.


### Trivselsprogrammet



Alle Barneskulane våre er med i Trivselsprogrammet (TL). Gjennom programmet legg trivselsleiarar til rette for auka aktivitet i friminutta.

Trivselsprogrammet sitt mål er å:

- Gje auka trivsel
- Gje auka og meir variert aktivitet i friminutta
- Gje auka og meir variert aktivitet i undervisninga
- Byggje vennskap
- Førebyggje konfliktar og mobbing



- Utvikle inkluderande, vennlege og respektable elevar

Kombinert med gode handlingsplanar mot mobbing, er målet at Trivselssprogrammet også skal kunne bidra til å redusere mobbing.

#### Vurdering for læring

Vurderingsforskrifta har som inten-  
sjon at elevane skal lære gjennom dei  
vurderingane og tilbakemeldingane  
dei får frå lærarane.

Dei fire prinsippa i "Vurdering for  
læring" er basert på internasjonal  
forskning:

1. Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
2. Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
3. Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
4. Elevane skal vere involverte i eige læringsarbeid ved å mellom anna vurdere eige arbeid og utvikling.

Gjennom implementeringa av

«Leselos» i alle barneskulane har prinsippa for vurdering blitt framheva. Kjenneteikn på «Den gode timen» er drøfta på skulane. Læresamtalen og læringsevna er prøvd ut med positiv erfaring. Vi vil bruke meir tid på undervegsvurderinga, og saman med skulane våre reflektere over god vurderingspraksis, no- situasjon og ønska situasjon. Dette kan bli ein del av SKU-arbeidet (Skulebasert kompetanseutvikling) i kommunen framover.

#### Motivasjon og meistring

Motivasjon, innsats, meistring og fagleg utfordring har betydning for elevane sine prestasjoner og lærings-  
utbytte.

Motivasjon viser om elevane uttrykkjer glede for skulen, og måler deira interesse for læring og skulearbeid. Innsats måler om elevane prioriterer skulearbeidet både i timane og heime, og om dei kan halde ut når oppgåvene blir utfordrande.

Meistring måler elevane si oppleving av å lukkast i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.

Indikatoren «fagleg utfordring» viser elevane si oppleving av faglege utfordringar på skulen.

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen. Skala: 1-5. Høg verdi betyr positivt resultat.


#### Elevdemokrati og medverknad

Det er læraren som har ansvaret og som er sjefen i klasserommet, men elevane skal få vere med å forme kvardagen. Elevmedverknad skaper eigarskap og motivasjon, og er god læring. Alle elevar skal t.d. få vere med å bestemme i planlegginga, gjennomføringa og evalueringa av undervisninga.

Alle elevane har rett til å si seie meiningane sine gjennom eit elevråd. Eit elevråd skal representere elevane og skal veljast på ein demokratisk måte. Elevråda skal delta i alt som vedkjem elevane. Dei kan t.d. uttale seg om ordensreglar.

Elevane har rett til å seie si meining om det fysiske og psykiske skulemil-

jøet gjennom eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet (SMU) skal det sitje representantar for skulen, kommunen og frå elevgruppa. Elevane har også rett til å vere representerte i eit samarbeidsutval (SU). Her skal elevar, foreldre, skulen og kommunen sitje. Skuleeigar er i tett dialog med skulane for å sikre at elevane får retten til medverknad oppfylt. I det nye regle-verket til kapittel 9A er elevane sine rettar tydeleg formulerte. I ansvarsdialogen mellom administrasjonen og skulane er møte med elevrådet på den enkelte skule eit viktig og prioritert møtepunkt.



### **Praksisforteljing: Emosjonsfokusert arbeid med barn (EFFT)**

Sterke følelsesuttrykk frå opplevd sinne, urettferdigheit, tristheit eller skam kan vere utfordrande å forhalde seg til, både for barn og vaksne.

Barn som lærer å regulere følelsane sine på ein god måte klarar seg betre i vaksenlivet. Dei konsentrerer seg betre, fungerer betre i samhandling med andre og dei presterer betre i skulefaga. Barn lærer best å regulere følelsar når vaksne omsorgspersonar hjelper dei. Det betyr at dei vaksne rundt barnet må kjenne igjen følelsar, sette ord på følelsar og forstå det følelsesmessige behovet som kan ligge bak dei ulike følelsesuttrykka. For eksempel i leik når nokon føler seg urettferdig behandla, når gruppearbeidet ikkje går på skinner eller nokon opplever å bli utestengt frå gjengen.

I to-dagarskurset EFFT er målet å auke vaksne sin kompetanse på følelsar generelt, og styrke dei i å forstå og handtere sterke følelsar hos barn spesielt. I tillegg er eit viktig fokus å gjere dei vaksne i stand til å forstå kva for faktorar hos dei vaksne som kan vere til hinder for å møte barns emosjonelle behov på ein god måte.

Som ledd i det universalforebyggande arbeidet i Os kommune, har ein det siste året tilbydt fagarbeidarar og assistenter i skulane dette kurset. Frå hausten 2018 blir det opna for alle tilsette i skulane. Fordi våre tilsette er viktige omsorgspersonar for barna. Fordi dei er saman med barna store deler av veka, og fordi dei derfor har ein unik mulighet til å bidra til våre barn si sunne emosjonelle utvikling.

Målet er ikkje at barna skal føle seg betre, men at dei skal bli betre til å føle – både smerte, sinne og andre vanskelege følelsar, og kunne få hjelp til å handtere dei.

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsingar

4. Tilsyn

5. Livsmeistring -  
felles satsning  
barnehage og skule

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

6. Oppveksteigar

### Å vera i bevegelse

Alle skular driv utviklingsarbeid. Gjennom skuleåret er det seks utviklingsdagar. I tillegg set kvar skule av tid til utviklingsarbeid for pedagogane kvar veke. På Os barneskule set vi av måndagar kl. 14.15–15.30 og tysdagar kl. 14.15–16.00.

Skuleutvikling for pedagogane inneber at dei saman med leiing deltek i ein utviklingsprosess på eigen arbeidsplass. Føremålet er å utvikla skulen sin samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Det handlar altså om kunnskapsutvikling i det profesjonelle læringsfellesskapet.

Satsingsområde på Os barneskule har dei siste åra vore knytt til utvikling av eit trygt og inkluderande skolemiljø – og arbeid med lesing og skriving. Det siste året har vi arbeidd spesielt med temaet livsmeistring. Skriving i alle fag og elevaktiv læring har vi også brukt tid på. Dette er nært knytt til praksis i klasseromma, og utprøving blir ein viktig del av utviklingsarbeidet. Å samla erfaringar og knyta refleksjonar til desse i utforskande samtaler er heilt avgjerande for å få eit godt utbytte av utviklingsarbeidet.

Vi hentar læringsressursar frå nasjonale sentre, for eksempel frå Lesesenteret, Skrivesenteret og Læringsmiljøsenteret. Frå Lesesenteret har vi teke i bruk Språkløyper. Språkløyper er ein nasjonal strategi for språk, lesing og skriving som er sett i gang av Kunnskapsdepartementet. I tillegg brukar vi nettressursar frå Utdanningsdirektoratet.

På Os barneskule likar vi utviklingsarbeid. Vi har ei eiga plangruppe som er sett saman av fire pedagogar og leiing. Denne gruppa lagar framlegg til plan for bruk av utviklingstida og er med på å planleggja og gjennomføra øktene. Pedagogane på Os barneskule er aktive deltakarar og bidreg med verdifulle og nyttige innspel i grupper og i plenum. Dei får jamt vist praksis frå klasseromma som andre kan læra av. Ofte tek vi utgangspunkt i elevane sitt årshjul

og knyter utviklingsarbeid opp mot det. Då kan vi for eksempel sjå med litt nye auge på planlegging av elevsamtal eller foreldre-møte.

Å driva skuleutvikling handlar om å vera ein skule i bevegelse. Det vil heile tida vera noko vi kan gjera litt nytt og annleis.

### Sitat frå lærarane etter evaluering av utviklingstida 2017–2018:

«Eg synest at utviklingstida har vore nyttig og lærerik. Det er ikkje noko som har vore unødvendig for min del. Det kan jo også vera fordi eg er heilt ny og har mykje som skal læra.»

«Eg har hatt god nytte av dei øktene der trinna har delt kva dei har jobba med.»

«Eg føler at eg har lært mykje nyttig og tileigna meg nye metodar. Til dømes har eg likt særskilt godt dei ulike innlegga om skriving i alle fag. Veldig lærerikt og inspirerande!»

«Eg har hatt utbytte av all utviklingstid som vi har hatt. Eg har vore impnert over at så mykje av møta har hatt direkte fokus på arbeidet som går føre seg i klasserommet.»

«Synest utviklingstida har blitt stadig meir «to the point»/matnyttig og er optimistisk også framover. Vi brukar tida godt og på relevante emne.»

«Eg synest det har vore gode satsingsområde. Eg synest det er ryddig med info i litt av tida om måndagen og ulike temasatsningar måndag og tysdag. Dette at vi får tips til skrivemåtar og skriveoppgåver må halda fram.»

«Eg likar språkløypene og øktene om skriving. Det inspirerer til å ta i bruk skriveprosjekt.»

## Resultat

Vi gjennomfører elevundersøkinga på 5. til 10. trinn for alle elevar. Jamt over har vi gode resultat, men det er variasjon frå skule til skule. Vi har ikkje høge mobbetal, men kvar enkelt mobbesak er ei for mykje og må følgjast opp etter nytt regelverk. Kap. 9a.

## Suksessfaktorar

- Elevane trivst og føler seg trygge
- God relasjonell og emosjonell klasseleiing i alle klasserom
- Aktive elevar, medverknad, medansvar
- Framsnakking og omdømmebygging
- Systematisk og kontinuerleg arbeid for eit godt og trygt skolemiljø
- Nulltoleranse mot krenking og mobbing
- Trygge og kompetente vaksne driv førebygging gjennom å skape gode miljø for læring og trivsel for alle

## Utfordringar

- Sikre alle elevar eit godt og trygt skolemiljø.
- Vidareutvikle eit systematisk arbeid med elevane sitt skolemiljø gjennom kompetanseheving for å kunne førebyggje, møte, avdekke og følgje opp elevsaker.
- Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule.

## Plan for oppfølging

Systematisk oppfølging av rutinar og system knytt til nytt regelverk i kapittel 9A. Gode prosedyrar for førebygging, avdekking og handtering av mobbing. Analyse og oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga:

- Kvar skule vel ut to område dei vil følgje opp spesielt.
- Desse områda må skulane rapportere på til skuleeigar.
- I tillegg må vi sikre oss gode rutinar og god kvalitet på gjennomføring av elevundersøkinga slik at vi veit at resultata er reelle, eller bruke alternative undersøkingar som Spekter/Klassetrivsel. Det blir spennande å sjå om det gjer utslag på den enkelte skule på dei to områda dei skal fylgje opp spesielt.
- Skulehelsetenesta er ein sentral støttespeler for elevar, foreldre og skulen sitt personale i elevsaker, og vi skal vidareutvikle dette samarbeidet. Fleire av skulane har fått større helsestøtteressurs frå hausten 2017 og i 2018.
- Dialogmøter på alle skulane mellom foreldre og skule.
- Ressursteam på kvar skule for å sikre god handtering av ulike utfordringar. Gjere elevane medvitne på kva for medverknad dei har pr. i dag og vidareutvikle arbeidet med å involvere elevane i beslutningsprosessar. Presentere heftet: «Elevmedvirkning – å bli inkludert, verdsatt og høyrt».

# Kapittel 4: Gjennomføring

## Målsetting

- Elevane skal oppleve meistring og motivasjon gjennom praktisk og variert undervisning.
- Skulane skal møte elevane med tillit og respekt, og gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst
- Elevane skal utvikle kunnskap, ferdigheter og haldninger for å kunne meistre eigne liv og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet
- Os vaksenopplæring skal gje gode opplæringstilbod i tråd med Introduksjons- og Opplæringslova

## Fakta

- Os kommune har gjennomført den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i utvikling(UIU)». Ungdomsskulane våre held fram med satsinga
- Tidleg innsats gjennom auka lærartettleik på 1.-4.trinn
- Forsterkingslærarressursen held fram
- Ny lærarnorm frå hausten 2018, Os kommune tilset minst 9 nye pedagogar i tråd med norma, det kan bli fleire
- Auka fokus på tilpassa opplæring gjennom praktisk og variert undervisning.
- Os kommune vil arbeide med tema nærvær/fråvær

## Gjennomføring og fråfall

3 av 4 unge fullfører no vidaregåande opplæring i løpet av fem år. Det har vore ein reduksjon i fråfallet dei siste åra. Blant dei som sluttar er årsakene samansette. Mange fullførar også vidaregåande opplæring på eit seinare tidspunkt i livet. Det er ein samanheng mellom grunnskulepoeng og gjennomføringsgrad i VGO. Nesten alle som oppnår meir enn 50 grunnskulepoeng, og som vel allmennfaglege

utdanningsprogram, fullførar vidaregåande opplæring på normert tid. (frå Bufdir)

Det faglege utgangspunktet elevane har når dei startar i vidaregåande opplæring, er den faktoren som har størst betydning for gjennomføring. Ungdommar som har droppa ut av vidaregåande opplæring fortel at mobbing, det å vere einsam og ha psykiske problem, var hovudårsak til at dei slutta. Utfordringane har ofte


oppstått før elevane starta i vidaregåande opplæring.

Os kommune ligg over nasjonalt nivå på grunnskulepoeng. Elevane våre har eit godt fagleg utgangspunkt for å fullføre vidaregåande opplæring. Vi har gode system og samarbeid på tvers når det gjeld oppfølging av alle elevane våre. Gjennom satsinga på «Livsmeistring», med fokus på fellesskap, førebryggje utanforsk og nærvær, trur vi at fleire av våre elevar

skal oppleve å høyre til i eit fellesskap. Dette vil igjen kunne føre til at færre droppar ut av vidaregåande opplæring. MOT satsinga på begge ungdomsskulane våre er også ein viktig faktor i denne satsinga.

## Skulefråvær

Tiltakspakka «Sjåast i morgen» (SIM) er eit viktig bidrag til skulane våre for å kome tidleg i dialog med føresette til barn som har eit fråvær som skulen er bekymra for. Vi ønsker at denne



tiltakspakka skal brukast aktivt på alle skulane i Os kommune, og at skulane får gode rutinar til tidleg å fange opp bekymringsfullt fråvær. Skulen må vere i tett dialog med eleven og føresette for å hindre at dette får utvikle seg. Det ligg eit stort ansvar på skuleleiing og skuleeigar i dette arbeidet, kvar enkelt elev er unik og skal vera sakna når han/ho ikkje kjem på skulen. At skulen anerkjenner foreldre/føresette som viktig samarbeidspart, er ein føresetnad for at vi skal lukkast i dette arbeidet.

Rettleiaren peikar på at skulane må ha gode rutinar for fråværsregistrering og ein eigen handlingsplan for korleis ein går fram ved handtering av fråværet på den enkelte skule. Rektor har eit ansvar for at desse rutinane blir følgt av alle tilsette på skulen. Alle skulane har fått støtte i innføringa av denne nye tiltakspakka.

«Å høre til» - nærvær og fråvær er tema skuleåret 2018/19 på møtepunkt og nettverk for alle som jobbar i skulane våre og fagtenesta.

### Overgang barnehage - skule.

Ei praksisforteljing frå Lunde barneskule.

Lunde barneskule, Halhjem barneskule, Søre Neset FUS barnehage og Kuvågen barnehage har ein eigen samarbeidsplan for overføring.

Foreldremøte på Lunde barneskule i lag med Halhjem barneskule for nye førskulebarn frå Søre Neset FUS og Kuvågen bhg hausten 2017. Vi informerte foreldra om m.a. skuleløpet og forventningar. Møtet var delt i to, éin skuledel og éin barnehagedel. Frå skulen stilte rektorane og inspektør på småtrinnet, mens styrarane og pedagogiske leirarar hadde ansvaret for barnehagedelen.

Besøk frå skule til barnehage. Gjennom året kjem 4. klasseelevar frå skulane til barnehagane og les for førskulebarna.


Besøk frå barnehage til SFO. Begge barnehagane kjem på besøk til Lunde barneskule og leikar både inne og ute og blir kjent med skulen og SFO.

Foreldreskulen har vi gjennomført for nye førsteklassesforeldre for tredje året på rad. Intensjonen vår er at vi får presentert skulen, forventningane våre til foreldra og forventningar til kva vi meiner elevane skal kunne før skulestart. Foreldra blir kjent med kvarandre gjennom gruppeoppgåver kor dei diskuterer ulike tema.

VIP-kveldar på SFO har vore ein stor suksess. Her får førskulebarna komme på besøk to ettermiddagar for å helse på personalet, leike og bli kjent med andre som skal starte på SFO.

Førskuledag i veke 22 jfr. overgangsplanen i Os kommune. Alle nye førsteklassingar får brev med invitasjon frå skulen. Vi har ei lita fellessamling i amfiet med song frå komande fjerdeklasse og namneopprop før elevane fortset med ein tilnærma lik skuledag i klasseromma.

Ved skuleslutt får den nye førsteklassingen brev heim frå leikefadderen sin.



## Tidleg innsats

Tidleg innsats er eit vidt omgrep. I Opplæringslova §1-3 er det retta særskild merksemd mot grunnleggjande ferdigheter i lesing og rekning på 1.-4.trinn. Barna sine sosiale og språklege ferdigheter ved skulestart har stor betydning for læringsutbyte i skulen. Det er avgjørende at barna som strevar blir fanga opp og får hjelp og støtte. Gode overgangar mellom barnehage og skule, som involverer foreldre, er eit sentralt tiltak.

Stortinget har vedtatt endringar i Opplæringslova og Friskulelova som inneber at skulen har plikt til å gi tilbod om intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn som står i fare for å henge etter i lesing, skriving eller rekning. Denne endringa tråtte i kraft 1. august 2018.

## Kartleggingsprøvar 1.-4.trinn

Kartleggingsprøvene hjelpar skulane og lærarane med å finne dei elevane som treng ekstra hjelp i løpet av dei første skuleåra. Dei obligatoriske kartleggingsprøvene er lesing på 1., 2.

og 3. trinn og rekning på 2. trinn

Formålet med kartleggingsprøvar er å avdekke behovet for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skulenivå gjennom tidleg innsats. Kartleggingsprøvene er eit hjelpemiddel undervegs i opplæringa. Prøvene er ikkje laga for å kunne samanlikne resultat med andre skular, kommunar eller fylke, men for å brukast i klasserommet og på skulen. Resultata skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet.

Skuleleiinga bør vere med både for å systematisere arbeidet og for å sikre at informasjonen frå resultata blir følgjt opp. Det er skuleigar sitt ansvar at kartleggingsprøvene gjennomførast i tråd med retningslinjene. Skuleigar skal også sjå til at resultata blir følgjt opp og at elevar som kjem under Tidleg innsats er innafor ramma for tilpassa opplæring og utløyser ingen individuelle rettar.

## Forsterkingsslærarressursen

Gjennomføring og oppfølging av resultata frå kartleggingsprøvene er

tema på ulike møtepunkt og nettverk i kommunen. Gjennom «Prosjekt betre læringsresultat» har vi fått midlar til å satse på tidleg innsats gjennom forsterkingsslærarressursen. Ressursen skal nyttast til ekstra pedagogstilling som skal forsterke undervisinga i lesing og rekning på 1.-4.trinn.

Pedagogen skal følgje opp dei elevane som treng støtte for få ei god og tilfredsstillende utvikling i lesing og rekning. Den forsterka ressursen skal legge til rette for tilpassa undervisning utifrå det behovet som ligg føre.

Den forsterka undervisinga er ikkje spesialundervisning. Er det elevar som treng meir spesifikk hjelp må foreldra bli kontakta og PPT vil bli kopla på etter dei rutinane som gjeld for tilmelding til PPT.


## Tilpassa opplæring

Retten til tilpassa opplæring inneber at alle elevar skal oppleve skuledagen som fagleg, sosialt og emosjonelt meiningsfull. Retten til tilpassa opplæring er ein rett som gjeld alle elevar. Alle elevar skal ha læringsmoglegheiter i den same

skulen. Opplæringslova § 1–3 Tilpassa opplæring og tidleg innsats slår fast at opplæringa skal tilpassast den enkelte elev sine evner og føresetnadbar.

Tilpassa opplæring gjennomførast ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar, lærermiddel samt organisering. Målet er god progresjon og dybdelæring.

Tidleg innsats, tilpassa opplæring og vurdering for læring er prinsipp og verktøy som skulane nyttar gjennom heile utdanningsløypa for å ivareta visjonen om at skulen skal gi eit likeverdig opplæringstilbod til alle, uavhengig av evner og føresetnadbar. Systematisk kartlegging, vurdering og fagleg rettleiing og elevamtaler er grunnlag for kunne legge til rette for tilpassa undervisning for å sikre eit tilfredsstillande fagleg utbytte av opplæringa.



### Meistringsteamet

Det overordna målet i

Meistringsteamet sitt arbeid er å få elevane til å meistre skulekvardagen og å vere ein del av skulefellesskapet. Skulen skal vere ein arena for fagleg utvikling og læring, samt ein arena for sosialt fellesskap. For å nå desse måla har Meistringsteamet varierte oppgåver. Dei er ei operativ teneste, som inneber å vere tett på elevane der dei er. Meistringsteamet arbeider med enkeltelevar, grupper og heile klassar.

Frå skuleåret 2017/18 vart Meistringstamet utvida til å gjelde barneskulen (5.-7.trinn), og frå våren 2018 har Meistringsteamet jobba frå 1.-10.klasse. Meistringsteamet skal i all hovudsak jobbe systemretta inn mot barnetrinnet, det betyr at dei skal jobbe saman med lærar og andre tilsette for å få alle elevar til å fungere innafor klassen sine rammer.

Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn



**Å høyra til**

Born og unge med kunnskap om fortid, notid - og tru på framtida - opplever at dei høyrer til.

OS INSPIRERER | OS KOMMUNE

Les meir på: [www.oskommune.no](http://www.oskommune.no)

BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Kommunale barnehagar og satsingar	4. Tilsyn	5. Livsmeistring - felles satsning barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

### Basen på Nore Neset ungdomsskule

På Nore Neset ungdomsskule har vi oppretta ei gruppe som har fått namnet Basen. Her får elevar med spesielle behov og rett til spesialundervisning, og elevar som har behov for eit særskilt tilrettelagt tilbod i periodar, opplæringa si på tvers av alderstrinn.

Opplæringa famnar såleis breitt, og er tilrettelagt både for elevar med omfattande hjelpebehov og elevar som i enkelte timer, eller i periodar, har behov for ekstra støtte og tryggleik for å meistra faglege og/eller sosiale målsetjingar.

Elevane som får størstedelen av opplæringa si gjennom dette tilboden hører sjølvsagt til ein klasse i tillegg, og deltek i passande aktivitetar eller får delar av opplæringa si her, i samråd med eleven sjølv og dei føresette. Det er viktig for oss at ungdommen blir hørt, slik at retten til medbestemming og sjølvbestemming vert sikra. Gjennom organiseringa er elevane ein del av eit sosialt og fagleg fellesskap både i og utanfor klassen. Dette har vore ei viktig målsetjing ettersom skulen er ein svært viktig arena der elevar både skal få trening i, og oppleva meistring i høve, sosiale og faglege ferdigheter ut frå eigne føresetnader.

Ei viktig hovudmålsetjing er å gje elevane gode opplevelingar og moglegheit for meistring. Dette har vi funne i kombinasjonen base og klasse. Elevane blir inkluderte i fleire fellesskap og opplever meistring i gode møte under trygge rammer. Med dette blir også prinsippet om inkludering forsvarleg ivaretatt. Vi har erfart at nokre fellesskap er viktigare enn andre, og inkludering må bli opplevd positivt før inkluderingsinnsatsen er/kan seiast å vera vellukka.

Utgangspunktet for planlegging av undervisninga for elevane på Basen er eleven sin rett til spesialundervisning eller behov for særleg tilpassing og tiltaksplan i kortare eller lengre periodar. Alle elevane som er fast på basen får etter oppstart av skuleåret utarbeidd ein individuell opplæringsplan (IOP) med bakgrunn i sakkunnig vurdering, kartlegging og anna relevant informasjon. Som overordna mål tek opplæringa sikte på å dyktiggjera elevane til stort mogleg grad av sjølvstende i høve vaksenliv og arbeidsliv både fagleg og sosialt.

På Basen er det mogleg å skreddarsy opplæringa til den enkelte sine behov og føresetnader på ein unik måte. Dette kan først og framst forklaast med at opplæringa foregår i litra gruppe med auka bemanning i tilegg til at tilboden fokuserer på å skapa tryggleik, trivsel og meistring, og dermed utrusta elevane best mogleg til å kunna meistra kvardagsliv, samfunnsliv og arbeidsliv når den tid kjem. Eit viktig motto er at alle elevar har gode føresetnader for å læra. Vår oppgåve blir å finna ut kor dei er og visa vegen vidare. Opplæringa er i stor grad praktisk retta og gir god erfaring med praktisk, estetisk og skapande arbeid. Lærarane er svært fleksible og har tileigna seg eit stort repertoar av arbeidsmåtar og startegiar for å nærma seg den kognitive ulikskapen hos den enkelte elev på ein nyskapande og differensiert måte.

#### Suksessfaktorar


- Godt samarbeid på tvers mellom administrasjon, skular og fagteneste
- Aktiv oppveksteigar frå politisk nivå som syner interesse for kvalitet i skulen.
- God dialog og gode møtepunkt på alle nivå
- Langsiktige satsingsområde i tråd med nasjonale føringer
- Satsing på «Tidleg innsats» gjennom forsterkingslærar

#### Utfordringar

- Få på plass felles rutinar og system i begynneropplæringa
- Oppretthalde lågt fråfall
- Sikra at alle skular har gode rutinar for handtering av fråvær
- «Plan for overgangar for barn og unge» må vere i bruk for alle tilsette som arbeider med barn og unge
- Følgje opp resultata frå Brukarundersøkinga-SFO

#### Plan for oppfølging

- Tidleg innsats – forsterkingslærar: Halde fram satsinga skuleåret 2018-2019
- Fråfall frå vidaregåande utdanning: Formalisera og skriftleggjere samarbeidet mellom Os kommune, Os gymnas , Os vidaregåande skule og Meistringsteamet
- Skulenærvar – fråvær: Gjennomføre kompetanseheving på alle nivå omkring skulefråvær/nærvar og skulevegring. Tema på nettverk og leiarmøta. I tillegg skal nærvar/fråvær vere tema på foreldremøta på alle trinn i skulen
- Tiltakspakka «Sjåast i morgen» (SIM): Sikra og etterspørje skulane sitt arbeid
- «Plan for overgangar for barn og unge»: Sikre at planen blir presentert for dei tilsette på Oppvekst og Helse
- Meistringsteamet er organisert under fagsjef for skule og frå våren 2018 jobbar dei på 1.-10.trinn
- Faste møtepunkt mellom SFO-leiar, skuleeigar og rektor, lage felles plan for SFO i nye Bjørnafjorden kommune



# Del 5: Livsmeistring - felles satsing barnehage og skule

## Livsmeistring for barn og unge

Hausten 2017 starta vi opp ein tverrfagleg satsing «Livsmeistring for barn og unge – korleis jobbar vi med dette i vår kommune».

Bakgrunn for satsinga er fokuset på psykisk helse og livsmeistring blant barn og unge i dagens samfunn. Det er blitt utarbeida endringar og presiseringer i lovverk, planar og forskrifter. Kommunene har ansvar for å legge premissane for utvikling av gode lokalsamfunn. Å føle seg trygg, oppleve tilhøyrighet og det å trivst i oppveksmiljøet og lokalsamfunnet er grunnleggjande føresetnadar for god psykisk helse gjennom heile livsløpet. (frå folkehelseprofilen 2015)

### I Stortingsmelding 28: (2015–2016)


Fag – Fordypning – Forståelse — En fornyelse av Kunnskapsløftet

*Regjeringen har høye ambisjoner for Norge som kunnskapsnasjon. Kunnskap og kompetanse er nødvendige forutsetninger for å finne løsningene på dagens og fremtidens samfunnsutfordringer. Fremtiden for kunnskapsnasjonen Norge skapes i barnehagene og grunnopplæringen. Regjeringens mål er god kvalitet i hele utdanningsløpet, fra barnehage til høyere utdanning. Barnehage og skole er viktige felles arenaer for det enkelte barnets læring og utvikling. Utdanningssystemet er samfunnets viktigste bidrag til utvikling av barn og unges kunnskaper, ferdigheter og holdninger som grunnlag for å mestre eget liv i et demokratisk og mangfoldig samfunn. Deltakelse i barnehage og skole legger grunnlaget for sosial mobilitet, demokratisk forståelse og medvirkning. Regjeringens omfattende satsing på kunnskap og kompetanse skal gi alle barn og unge gode muligheter til å utvikle seg og ta i bruk sine evner og anlegg i videre utdanning og arbeid som grunnlag for et godt liv. Regjeringens mål er at barnehager og skoler skal bidra til at barn og unges evner utvikles best mulig, uavhengig av bakgrunn og forholdene hjemme. Utdanning er nøkkelen til utviklingen av et inkluderende kunnskapssamfunn. Det er det viktigste virkemidlet for sosial utjevning.*

Begrepet «livsmeistring» handler om å kunne forstå og ha mulighet til å påvirke avgjørende faktorar for mestring av eiga liv. I forskift for barnehagen sitt innhald og oppgåver står det at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjevne sosiale

forskjeller. Barna sin fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og forebygge krenkingar og mobbing. I den nye overordna delen for skule er folkehelse og livsmeistring tverrfag-

lege tema i skulen som skal gi elevane kompetanse som fremjer god psykisk og fysisk helse, og som gir muligheter til å ta ansvarlege livsvalg. I barne- og ungdomsårene er utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet særleg avgjerande. Lokalsamfunnet og kommunen stor



innflytelse over mange arenaer for barn og unge. Det helsefremjande og førebyggjande arbeidet vil få best kvalitet dersom dei ulike aktørane dreg i same retning og ser tiltaka i eit utviklingsperspektiv.



Figur 1: Arenaer for det helsefremmende og forebyggende arbeidet for psykisk helse på ulike alderstrinn (etter Øverland, 2014).

### Figur 1:


0–3 år: Helsestasjonen og barnehagen er viktige arenaer for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. I tillegg er mange barn og foreldre ein del av uorganiserte nettverk.

3–6 år: Barnehagen og uorganiserte arenaer for leik og aktivitet som nabolag og leikeplassar er viktig. Mange barn begynner også med organiserte fritidsaktivitetar.

6–16 år: Barna utvider omgangskretsen sin, og det blir meir vanleg å delta i organiserte fritidsaktivitetar. Barna tilbringer mykje tid både på skulen og i skulefritidsordninga (SFO). I tillegg spelar skulehelsetenesta og den pedagogisk-psykologiske tjenesta (PPT) ei viktig rolle for det førebyggjande arbeidet.

16–19 år: Dei fleste går i vidaregåande skule. I tillegg utvikler mange eit sjølvstendig forhold til organiserte og uorganiserte aktivitetar. Nokre unge får også kontakt med arbeidslivet i denne perioden.

Os kommune, oppvekst og kultur vil i satsinga Livsmeistring vil vi ha denne modellen på dagsorden i møtepunkt framover.



### Praksisforteljing fra Nøtteliten barnehage om livsmestring

«Å styrke barnas mulighet for livsmestring inngår som et grunnleggende fundament i det pedagogiske arbeidet i barnehagen og personalet er den viktigste ressursen for å lykkes. Voksen-barn-relasjonen kan påvirke kvaliteter som livsmestring, psykisk helse og følelse av egenverd. Dette krever trygge voksne med tro på vår praksis i møte med barnet.

**Observasjon:** Primærkontakt med hovedansvar for relasjonen med barnet i oppstarten henvender seg bevisst og sikkert både til Sassan og foreldrene. Det observeres at Sassan gjør seg kjent i nye omgivelser mens den ansatte interesserer følger med og benytter barnets henvendelser som en invitasjon til dialog og lek. Foreldrene virker avslappet og smiler i kommunikasjon med personalet.

Vi jobber med egen relasjonskvalitet til hvert enkelt barn. Praksis for å evaluere egne holdninger og handlinger er en forutsetning i arbeidet. Vi skal «speile» alle barn, møte den enkelte med åpenhet, varme, interesse og omsorg fordi barna lærer å forstå seg selv ved å tolke andres reaksjoner på det de gjør og sier. På denne måten kan den voksnas tilbakemelding til barnet i kommunikasjonen styrke barns selvbilde og gi dem troen på seg selv, egne evner og at barnet vil lykkes. Det er andre dag av tilvenningen til Sassan. Han har vokst opp i et hjem hvor norsk er andrespråket og han har aldri før vært adskilt fra foreldrene. Som en del av tilvenningen skal Sassan nå være en kort stund alene i barnehagen. Sassan griner og lar seg ikke trøste. Han skyver den voksnen fra seg. Det er mye som er nytt for gutten i denne situasjonen.

Det er et stort ansvar som hviler på personalets skuldre. Det krever oppmerksomme voksne når barna «høster» sine erfaringer og ikke minst en balanse i å bli utfordret støttende. Vi kan ikke skåne barna for vanskelige situasjoner men styrke de ved å gi den enkelte redskap til å håndtere situasjonen, la de erfare at motgang kan tåles.

Sassan blir gjort oppmerksom på at foreldrene forlater barnehagen. Det er dag tre av tilvenningen. Sassan reagerer med gråt og går mot vinduet hvor han blir stående. Primærkontakten står saman med han og med rolig stemme setter ord på følelsene. Sassan skubber igjen vekk primærkontakten men som blir sittende ved hans side. Etter en stund legger primærkontakten hånden sin forsiktig på skulderen til barnet. Barnet sin gråt stagnerer. Når personalet er nær barna og viser forståelse for hva de føler og opplever, blir de igjen trygge og rolige på innsiden. Trygghet oppstår når man blir forstått og tatt på alvor. Barn trenger oppmerksomme voksne for å lære å forstå seg selv. Å få hjelp til å håndtere egne følelser er avgjørende for barnets psykologiske helse og for dets læring og sosiale utvikling.

Vi trenger alle bekrefelsen på at vi er verdsatt. Vi er takknemlig for å få lov til å bli kjent med den enkelte og bli gitt den store tilliten det er å tilrettelegge for trygghet, vekst, utvikling og livsglede. Dette er et enormt ansvar, en krevende jobb og det bør det være!»

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsinger

4. Tilsyn

5. Livsmestring -  
felles satsning  
barnehage og skule

6. Oppveksteigar

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

## Livsmeistringsatsinga 2017-2018

14.august 2017 arrangerte vi en felles oppstartssamling i Oseana for alle tilsette på oppvekst og kultur i Os kommune, og i tillegg inviterte vi politisk nivå og andre tilsette i kommunen. Forandringsfabrikken v/proffene var foredragsholdere denne dagen med temaet: «Gode vaksne og nyttige tjenester for oss». Proffene er ungdommer med erfaringer frå skole, barneværn og psykisk helsevesen. Denne dagen ble eit sterkt møte og oppleving for alle i salen.

Oppvekstforum, der alle leiatar i barnehage, skule, fagtenestene og administrasjonen ved Oppvekst og kultur, har hatt tre møtepunkt i 2017-18 med Livsmeistring som tema. Dette er gode møtepunkt der vi drøftar på tvers arbeidet med livsmeistring og psykisk helse og vi får diskutert og avklart gode system og rutinar for å sikre likeverdig og kvalitativt godt tilbod til barn og unge og deira familiarar.

Region Midthordland arrangerte ei felles samling i november med tema «Det psykososiale miljøet i barnehagen» med foredarag av Arne Holte, Folkehelseinstituttet og Ingunn Størksen, UIS. Ei nyttig og inspirerande fagsamling som vi har tatt med oss i det vidare arbeidet med satsinga.

Alle lærarane har fått tilbod om nettverk med Livsmeistring som tema. Vi har fått gode tilbakemeldingar på dette innhaldet der kommunepsykologen har hatt ansvar for den faglege presentasjonen. Vidare har vi presentert RVTS sitt opplegg LINK – livsmeistring i norske klasserom og det er teken i bruk i fleire skular i Os. Vi har også gjennomført felles fagsamling om Livsmeistring for alle fagarbeidarar og assistenter i skulane våre.

På Strategisamlinga 12.april for leiarsgruppa barnehage, skule og fagtenestene hadde vi foredrag ved Tom Jacob Kyrkjebø Irgan med tema: «Pedagogisk handlingskompetanse og profesjonsfellesskap» -korleis kan man i kollegafelleskap saman utvikle felles handlingskompetanse for å fremje barn- og

unge si læring, kompetanse og utvikling? I andre delen hadde vi presentasjon av ulike tilbod og ressurspersonar i kommunen som kan vere til hjelpe og støtte i arbeidet vårt med livsmeistring og psykisk helse.

I mai 2018 deltok 6 tilsette frå oppvekst på Skulevegringskonferanse i Ålesund. Skulefråvær-nærvar vil framover vere ein sentral del av satsinga Livsmeistring for barn og unge. I Os kommune har vi utarbeida «Sjåast i morgong» som er ein tiltakspakke for skulefråver. Dette er eit godt materiell for skuleane i arbeidet med skulefråvær, men vi ønskjer å vidareutvikle og supplere denne tiltakspakka og sikre felles kunnskapsgrunnlag i arbeidet med nærvær-fråvær frå barnehage og opp i vidaregåande skule. Dette vil vere tema på ulike møtepunkt på alle nivå på Oppvekst og kultur skuleåret 2018-2019. Det vil også bli eit obligatorisk punkt på agendaen på foreldremøte på alle trinn.

13.august 2018 hadde vi ei felles oppstartsamtak for Oppvekst og

kultur der også Fusa kommune ble invitert. Foredragshaldar var Arne Klyve og tema var: Oppvekst 0-16 år.

Tema for Livsmeistringsatsinga for haust 2018 er «Å høyre til» med fokus på vennskap, fellesskap og fråvær. Vi ønskjer å kople føresette og råd/utval i barnehagane og skulane våre tettare på i denne satsinga.



BARNEHAGE	1. Innleiing	2. Barnehagemynde	3. Kommunale barnehagar og satsingar	4. Tilsyn	5. Livsmeistring - felles satsing barnehage og skule	6. Oppveksteigar
SKULE	1. Innleiing	2. Resultat	3. Læringsmiljø	4. Gjennomføring		

# Del 6: Oppveksteigar

## Målsetting

- Ha eit forsvarleg system som sikrar at krava i lover og forskrifter blir overhalde. Opplæringslova § 13-10 og Barnehagelova § 7
- Sikre tilstrekkeleg barnehage- og skulekapasitet
  - Oppfylle nærskuleprinsippet i opplæringslova
  - Oppfylle retten til barnehageplass
- Tidleg innsats som sikrar at barn i Os når sitt potensiale for læring
- Tidleg innsats for å sikre at barn ikkje veks inn i større vanskar

## Fakta

- Alle skulane har hatt eit særleg fokus på arbeidet med det psykososiale miljøet og endringane i §9A i Opplæringslova og implementering av nytt regelverk
- Implementering av nytt kvalitetssystem
- Skulebasert utviklingsarbeid gjennom Leselos, Språkløyper og Lesing og skriving i alle fag
- Gjennom styringsgruppa i Betre læringsresultat (BLR) har vi ein aktiv og god dialog med politisk nivå
- Samarbeid med planavdelinga for å kunne planlegge for folkevekst og kapasitet i barnehage og skule
- Skulebruksplan 2010 – 2020 er revidert i 2018 og kjem til politisk handsaming i løpet av hausten
- Ansvarsliner mellom nivåa kjem fram i organisasjonskart, delegasjonsreglement og leiaravtaler



Foto: Midtsiden/Andris Hamre

BARNEHAGE

1. Innleiing

2. Barnehagemynde

3. Kommunale  
barnehagar og satsingar

4. Tilsyn

5. Livsmeistring -  
felles satsning  
barnehage og skule

SKULE

1. Innleiing

2. Resultat

3. Læringsmiljø

4. Gjennomføring

6. Oppveksteigar

Politikarar, administrativ skuleeigar og den enkelte barnehage og skule har eit felles ansvar for å vurdere og følgje opp kvaliteten og resultata.

Os kommune, saman med Fusa kommune har anskaffa eit nytt kvalitetssystem som skal takast i bruk i Bjørnafjorden kommune. Det blir arbeida aktivt med å bygge dette nye systemet i delprosjekta under Bjørnafjorden kommune – både på barnehage og skule. Dette skal bidra til gode løysingar for eit samla barnehageområde sett i samanheng med krav i barnehagelova. Dei kommunale barnehagane skal inngå i det kommunale kvalitetssystemet. Dei kommunale skulane vil og vere del av dette kvalitetssystemet.

Folkevekst og auke i barnetal og elevtal gjer det vesentleg å vere i forkant for å sikre tilstrekkeleg barnehage og skulekapasitet i kommunen. Behova blir synleggjort i barnehageplan (ny) og i skulebruksplan (revisjon). Det blir arbeida godt saman med planavdelinga.

## **Barnehage**

Os kommune har 17 barnehagar totalt og 2 barnehagar er kommunale. Det er dei kommunale barnehagane politikarane her et spesielt ansvar for som oppveksteigarar. Os kommune har som tilsynsmynde eit ansvar for at alle barn i Os har eit kvalitativt godt og likeverdig barnehagetilbod. Vi vel difor og ha merksemd på barnehageområdet generelt.

Tilstandsrapporten inngår som ein del av kvalitetsoppfølginga av dei kommunale barnehagane. I tillegg rapporterer dei kommunale barnehagane gjennom tertialrapportar og økonomirapportar. Det blir innhenta informasjon gjennom ansvarsdialogmøte der administrativ barnehageeigar får tilgang til barnehagane sine planar, rutinebeskrivingar og annan dokumentasjon som beskriv deira arbeid. I tillegg er det samtalar med barnehageleienda, tilsette og evt. foreldre.


Ny barnehageplan er under utarbeiding og kjem til politisk

behandling. Barnehagekapasitet er tilbake på 2016-nivå etter at nye Skorvane FUS opnar 6 avdelingar i august 2018.


Sjølv om eigarrolla berre er knytt til to barnehagar arbeider vi tett med alle barnehagane som er etablert i Os kommune. Dette ønskjer vi å halde fram med og utvikle vidare gjennom å vere profesjonell i sakshandsaming, i møtepunkt og informasjonshandtering og ved open og ryddig dialog om kor vi er i ulike prosessar.

Barnehageområdet er i kontinuerleg endring når det gjeld rammer og regelverk. Dette krev tett oppfølging og samhandling med barnehagane. Tal frå barnehagane blir rapport i BASIL (Nasjonal innrapportering for barnehagar) 15.12 kvart år. Resultat blir presentert i portalen Barnehagestatistikk på bakgrunn av desse tala og ein kan hente ut og samanlikne tal frå heile Norge. Barnehagefakta presenterer relevant og påliteleg informasjon om norske barnehagar, og er primært retta mot føresette som ønskjer å orientere seg i


barnehagetilbodet før dei skal søkje barnehageplass. Tal i barnehagefakta er basert på opplysningar som barnehagane sjølv rapporterer inn i desember kvart år og tala blir kvalitetssikra av kommunen og Utdanningsdirektoratet. Resultat frå Utdanningsdirektoratets Foreldreundersøking blir også presentert her for dei av barnehagane som har gjennomført den. Det var stor deltagning frå Os ved siste undersøking og særsla gode resultat.



Tal i Barnehagefakta vert rapportert inn årleg, og det er viktig å være merksam på at situasjonen kan ha endra seg sidan tala vart rapportert inn. Tal henta frå Barnehagefakta frå eit samla barnehageområde i Os kommune pr. 15.12.17:



Os kommune har oppjustert bemanninga i dei kommunale barnehage frå og med 01.08.18 slik at pedagog- og bemanningsnorm er oppfylt.



Barnehageområdet skal levere gode tenester til alle innbyggjarane i kommunen basert på nasjonale føringer. Barnehageområdet skal vere i stadig utvikling ved å vere tett på barnehagedrifta, rekruttere rett kompetanse i alle ledd, vere knytt til universitet/høgskule, nasjonale senter og nettverk. Kontinuerleg arbeid med fokus på kvalitet skal bidra til å vidareutvikle eit inkluderande barnehagemiljø for leik, læring og danning i eit langsiktig perspektiv.

Med utgangspunkt i etablerte satsingar arbeider barnehagane med kvalitetsutvikling som er i tråd med nasjonale føringer knytt til:

- Implementering av rammeplan
- Relasjonskompetanse – kartlegge og vurdere val av program/metode
- Språkkompetanse – kartlegge og vurdere program/metode
- Tidleg innsats – kartlegge og vurdere program/metode
- Interkulturell kompetanse – kartlegge og vurdere program/metode
- Digital kompetanse – kartlegge og vurdere program/metode

Rammeplan for barnehagen er ei forskrift til barnehagelova og gjer klare føringer for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Barnehagen skal m.a. ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnehagen skal bidra til at barn trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barnehagane har eigne planar for arbeid med det psykososiale miljøet i barnehagen.

Felles system, rutinar og informasjon på barnehageområdet vert følgt opp av kommunen som barnehagemynde knytt til:

- Lov og regelverk
- Etablering og drift
- Godkjennning
- Kommunalt tilskot
- Tilsyn
- Rettleiing
- Oversikt over barnehagane, plassering og kapasitet
- Kvalitet, oppfølging og organisering
- Kompetanseheving for barnehage-

## tilsette

- Samordna opptakssystem
- Barn med særskilte behov
- Overgang barnehage – skule

Kommunen sine plikter som barnehagemynde er definert i barnehagelova § 8 der tilsyn med barnehagar og rettleiing er vekta likt. Ny plan for gjennomføring av tilsyn skal til politisk handsaming hausten 2018.

## Skule


Os kommune har 10 Barneskular og 2 ungdomsskular og vaksenopplæring. Barneskulane har hatt ei felles satsing på «Leselos» og «Språkløyper». På dei to ungdomsskulane har det vore satsa på Lesing og skriving i alle fag. Begge desse satsingane er kommentert i kapitla om skuleresultat og gjennomføring.

Med utgangspunkt i arbeid med ny læreplan og sterkt fokus på elevane sitt psykososiale miljø, har Os kommune ei overordna satsing på livsmeistring .

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsoppfølginga for skulane, i tillegg til tertial- og økonomi-rapportar. Det blir og innhenta informasjon gjennom ansvarsdialog.

Skulane gjennomfører skulebasert vurdering, der organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa på skulen, er tema. Skulane skal vurdere i kva grad desse faktorane medverkar til at elevane når måla i Kunnskapsløftet og opplev motivasjon og meistring. Gjennom ansvarsdialog og andre samhandlingsarenaer vert skulebasert vurdering drøfta. Vi er i gang med å lage eit felles kvalitetssystem for nye Bjørnafjorden kommune. Vi definerer mål, visjon og hovudoppgåver i tråd med forsvarleg system §13.10 frå Utdanningsdirektoratet. Prosedyrar/rutinar og sjekklistar må samordnast og tilpassast ny kommune.

Tidleg innsats blir tett følt opp gjennom dialogmøter mellom skuleeigar og rektor, og på nettverk i regi av skuleeigar.



### Forsvarleg system - internkontroll i barnehage og skule

Det forsvarlege system byggjer på nasjonale lover og regelverk. I dette avsnittet blir forhold som det er arbeida med spesielt dette året teke fram. Ansvarsdialogmøte med barnehagar og skular er en sentral del av det forsvarlege system. I tillegg har det vore arbeida med følgjande styringsdokument for barnehage og skule:


- Skulebruksplan (revisjon), plan for overgangar, SFO-vedtekter.
- Rapportering blir gjennomført gjennom tertialrapportering, skulestatistikk (GSI, nasjonale prøvar, elevundersøking), barnehagestatistikk (BASIL, foreldreundersøking).

Følgjande rutinar er endra/ vidareutvikla dette året:


- Kartleggingsprøver 1. – 4. trinn, Nasjonale prøver, Elevundersøkinga, Kapittel 9A i Opplæringslova, Elektroniske system knytt til arkivering, fråvær og elevresultat.

I denne perioden er følgjande kompetansetiltak prioritert:

- Rektorskulen, Styrarutdanning, Vidareutdanning for lærarar, vidareutdanning PPT, Felles utviklingsdagar/leiarsamlingar, strategisamling for området Oppvekst og kultur, oppveksteigar/oppvekstleiar program i regi av KS og AFF, kurs for assistenter og fagarbeidrar.



Faste møtepunkt gjennom året	Prøver og kartleggingar med rapportering og oppfølgingsansvar	Politiske møte/utval
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stabsmøte Oppvekst</li> <li>• Rektormøte</li> <li>• Barnehageleiingsmøte</li> <li>• Skuleleiingsmøte</li> <li>• Oppvekstleirmøte</li> <li>• Oppvekstforum</li> <li>• Leiarkurs/samlingar Oppvekst</li> <li>• Leiarsamlingar i regi av rådmannen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartleggingsprøver UDIR</li> <li>• Nasjonale prøver</li> <li>• Kartlegging skolemiljø</li> <li>• Foreldreundersøkinga (BHG)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tenesteutval</li> <li>• Kommunestyremøte</li> <li>• Styringsgruppa for skulebruksplanen</li> <li>• Betre læringsresultat (BLR)</li> <li>• Styringsgruppa familiens hus</li> </ul>



## Oppsummering etter dialogmøte med SU i barnehagane

Stad: Lunde Barneskule 03.09.18, kl. 18.00 – 20.00

Godt oppmøte og vi trakk pralellar mellom status pr. i dag og tilbakemeldingar frå SU møte med barnehagane i 2017.

SU-representantane 2018 fekk i oppdrag å diskutere dette:

Kva signal vil det sende til politikarane når det gjeld satsing innan barnehage i åra som kjem? Kva blir viktig for din barnehage?

Vi ser at fleire av tilbakemeldingane frå 2018 tilsvavar tilbakemeldingar i 2017:

- Bemanning
- Overgangar, barnehage/barnehage, barnehage/skule
- Tidleg innsats (TidlegINN)
- DUÅ
- Språkstimulering
- Livsmestring
- Glede
- Tryggleik


Føresette ynskjer trygge rammer i barnehagekvardagen med kompetent og tilstrekkeleg bemanning. Trygge og glade barn som opplever venskap, å høre til og å meistre. Tidleg innsats er løfta fram og bør kanskje definerast og tydeleggjeraast meir vidare arbeid.

Fleire av barnehagane ynskjer politkarane velkomne til å oppleve barnehagekvardagen.

## Tilbakemeldingar frå 2018 oppsummert i ordsky:



## Tilbakemeldingar frå 2017 oppsummert i ordsky:



## Oppsummering etter dialogmøte med SU på alle skulane

I samband med tilstandsrapport arrangerar vi kvart år i aug./sept eit møte med samarbeidsutvala på alle skulane. Her presenterar vi ein oppsummering av tilstandsrapporten og bed om tilbakemeldingar frå SU`ane på tema frå tilstandsrapporten.

**Gruppene fekk i oppdrag å diskutere dette:**

### Læringsmiljø

- Korleis arbeider skulen med satsinga «Livsmeistring for barn og unge» i Os kommune?
- Korleis har skulen endra praksis når det gjeld inkluderande læringsmiljø (etter endring av Kap. 9A i Opplæringslova)?

### Grunnleggande ferdigheter (Nasjonale prøver)

- Snakk om korleis skulen arbeider med grunnleggande ferdigheter med utgangspunkt i det vi har presentert. Korleis sikre god kvalitet i dette arbeidet på vår skule.


**Dette kom fram i diskusjonane**

### Læringsmiljø

- Svært viktig å jobbe med tryggleik. Dette er overordna alt anna!
- Kvar skule må ha ein plan for korleis dei handterer §9A-saker. Desse må vere synlege for dei føresette. Tema må opp i alle foreldremøta på alle skulane.
- Kva er Livsmeistring for oss i Os kommune? Kva er det innanfor Livsmeistring vi har fokus på?

### Grunnleggjande ferdigheter

- Viktig å halde fram med satsing på lesing
- Ha forventningar til alle elevane
- Arbeide med «Den gode timen»
- Forsterkingslærar viktig
- Samarbeid med dei føresette
- Grundig arbeid i samband med nasjonale prøver



#### Resultat

- Ansvarsdialog med alle kommunale barnehagar og skular.  
Elevråda var representerte
- Dialogmøter med SU på alle skular og barnehagar
- Tett dialog mellom administrasjon og politikk gjennom prosjektet Betre læringsresultat (BLR)

#### Suksessfaktorar


- Oppveksteigar er tett på med støtte og krav når det gjeld kvalitet og utvikling
- Lærande møter for å utvikle barnehage og skule som lærande organisasjoner
- Få og felles satsingsområder i einingane våre
- Godt samarbeid på tvers av fagtenestene
- Faste møtepunkt og nettverk
- Kultur for deling
- Nye og forbetra administrative system og digitale verktøy
- Implementering nytt kvalitetssystem
- Godt og kvalitativt samarbeid mellom skulane og våre to kommunale barnehagar.

#### Utfordringar

- Oppretthalde målet om å vere ein aktiv oppveksteigar
- Sikre tidleg innsats
- Sikre god relasjonskompetanse i møte mellom barn og vaksne på alle arenaer.
- Sikre god psykisk helse for alle barn og unge i Os
- Sikre barn og unge sin medverknad
- Folkevekst aukar krav til infrastruktur
- Nok kapasitet til å sikre likeverdige system i nye Bjørnafjorden kommune

#### Plan for oppfølging

- Gjennomføre kunnskapsutviklande møtepunkt på alle nivå
- Leggje til rette for god dialog mellom politisk og administrativt nivå
- Sikre tett oppfølging og dialog i einingane sine utviklingsarbeid
- Opplæring og vidareutvikling av nye administrative system og digitale verktøy
- God og tett dialog med skulane i satsinga Tidleg innsats
- Bruk av verktøyet RefLex (eit nettbasert verktøy frå UDIR, for å vurdere at eigen praksis er i samsvar med Barnehage- og Opplæringslova)







Design: Loops / Os kommune Foto: Francisco Munoz



INSPIRERER